



Årsmelding 2014



Lom

Gjestfri og nyskapande

Innholdet i årsmeldinga:

| | |
|----------------------------|----|
| Innleiing | 4 |
| Styringssystem | 8 |
| Perspektiv | 10 |
| Økonomisk oversyn | 18 |
| Oversikt frå tenesteområda | 29 |
| Notar og revisjonsmelding | 53 |

Lom kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
Telefon: 6121 7300
Epost: post@lom.kommune.no
<http://www.lom.kommune.no>



Årsmelding 2014 Lom kommune

| | |
|------------------------------------|----------|
| 1. Innleiing | 4 |
| Nokre fakta om Lom | 4 |
| Visjon og verdigrunnlag | 4 |
| Ordføraren sine kommentarar | 5 |
| Administrasjonssjefen si vurdering | 6 |
| Utvikling i folketalet | 7 |

| | |
|----------------------------|----------|
| 2. Styringssystem | 8 |
| Mål og resultatstyring | 8 |
| Internkontrollen | 8 |
| Årshjulet | 9 |
| Politisk organisering | 9 |
| Administrativ organisering | 9 |

| | |
|----------------------------|-----------|
| 3. Perspektiv | 10 |
| Kommunen som samfunnsaktør | 10 |
| Kommunen som arbeidsgjevar | 15 |

| | |
|-----------------------------|-----------|
| 4. Økonomisk oversyn | 18 |
| Statlege rammer | 18 |
| Driftsrekneskap | 18 |
| Investeringsrekneskap | 22 |
| Balanse | 23 |
| Finansrapport | 25 |

| | |
|--------------------------------------|-----------|
| 5. Oversikt frå tenesteområda | 29 |
| Støttefunksjonen | 29 |
| Skule | 32 |
| Barnehage | 37 |
| Miljø, teknisk, næring | 40 |
| Helse og velferd | 43 |
| Pleie og omsorg | 47 |

| | |
|---|-----------|
| 6. Vedlegg: Notar og revisjonsmelding | 53 |
| Note 1 Prinsipp for rekneskapen | 53 |
| Note 2 Endring i arbeidskapital | 53 |
| Note 3 Pensjon | 54 |
| Note 4 Kommunen sitt garantiansvar | 55 |
| Note 5 Aksjar og andelar i varig eige | 56 |
| Note 6 Avsetjing og bruk av fond | 56 |
| Note 7 Kapitalkonto | 58 |
| Note 8 Interkommunalt samarbeid | 59 |
| Note 9 Spesifikasjon av vesentlege postar | 59 |
| Note 10 Spesifikasjon av vesentlege transaksjonar | 60 |
| Note 11 Anleggsmidlar | 60 |
| Note 12 Finansiering av prosjekt | 60 |
| Note 13 Lånegjeld | 64 |
| Note 14 Langsiktig gjeld | 65 |
| Note 15 Meir- eller mindreforbruk | 65 |
| Note 16 Spesifikasjon av vesentlege forpliktingar | 66 |
| Note 17 Tilhøve ved slutten av året | 66 |
| Note 18 Konto for skattetrekk | 66 |
| Note 19 Kyrkjeleg råd - økonomiske tilhøve | 66 |
| Note 20 Årsverk, løn og godtgjersle | 66 |
| Note 21 Tap og tapsavsetjingar | 67 |
| Note 22 Netto driftsresultat | 67 |
| Note 23 Finansiell leasing | 68 |
| Note 24 Avviksforklaring | 68 |
| Note 25 Sjølvkostområdet | 69 |
| Note 26 Disposisjonsfondet | 70 |
| Note 27 Kraftfondet | 70 |
| Note 28 Heimfallsfondet | 72 |
| Note 29 Kapitalfondet | 72 |
| Note 30 Avskrivings skjema | 72 |
| Note 31 Mindre/meir forbruk - investering | 75 |
| Note 32 Oversikt over skatteinngangen | 76 |
| Revisjonsmelding | 77 |



Årsmelding for Lom kommune

Ansvarleg redaktør er administrasjonssjef Ola Helstad.

Biletet i toppen på framsida er teke under 9.-klassen på Lom ungdomsskule sin tur til Årdal i september 2014.

Foto: Gunn Karin Teigum

Profilen til Lom er bygt opp med fargar henta frå vatnet, naturen, kulturen og fjellet. Vassperla er valt som element i profilen som eit bindeledd mellom alle former for visuelle uttrykk. Små vassdropar som blir til ei masse med enorme krefter som saman kan flytte fjell.

Lom er av dei tørraste stadene i Noreg, og det er slik at vatnet har vore med og skapt kulturlandskapet. Dei eineståande vassvegane har ført vatnet ned frå fjellet til gardane nede i dalen. Dette har gjort det mogleg å drive landbruk og kunne eksistere her.

I Lom er det slik som det gamle ordtaket seier:

“Gjev Vårherre sol, ska oss sjølve skaffe vête.”

Når ein skal finne motiv for å synleggjere noko typisk og ekte for Lomsbygda, må dette ha sitt utspring i vatnet. Vatnet som er så grunnleggjande for alt som er skapt i Lom.

1. Innleiing

Nokre fakta om Lom

Midt i Ottadalen ligg fjellbygda Lom. Dei høgaste fjelltoppane i Noreg finn du her, og meir enn halvparten av Jotunheimen nasjonalpark ligg i Lom. Kommunesenteret og nasjonalparklandsbyen Fossbergom er eit moderne bygdesenter der dei fleste har sitt arbeid i reiseliv, handel og tenesteyting. Kultur og miljø vert teke vare på, og ein set si ære i å kunne tilby tradisjonsrike produkt.

Tettstad med særpreg

Fossbergom står fram som ein tettstad med særpreg, og politikarane i Lom har heile tida lagt stor vekt på byggeskikk og lokale tradisjonar. Lom Stavkyrkje frå ellevehundretallet er ei av dei vakraste stavkyrkjene i landet. Mange tusen turistar er


innom i løpet av året, og samstundes er kyrkja i bruk som hovudkyrkje.

Næring

Jord- og skogbruk er største enkeltnæringa i Lom. Høve til hausting av utmarksressursar ved beiting og setring er avgjerande for dei jamnt over små gardane. Gardsturisme er eit nytt satsingsområde – nokre driv overnattingsverksemd – andre satsar på ny bruk av setrene.

Lom har eit areal på 1.969km² - og til 2.356 innbyggjarar (pr. 31.12.2014) er det god plass! Meir enn 90% av arealet er høgfell over 900 m.o.h., 1% er dyrka jord og 4% er produktiv skog.

Fordeling av arealet i Lom.



Visjon og verdigrunnlag

Visjon

Lom – gjestfri og nyskapande

Gjestfridomen skal omfatte alle

- Dei som allereie er fast busette
- Dei som ønskjer å busetja seg i Lom
- Tilreisande, turistar

Slagordet “Kom til Lom” er med og synleggjer visjonen.

Verdigrunnlag

Lom skal vera eit lokalsamfunn basert på desse grunnverdiane:

- Gjestfri
- Open
- Inkluderande
- Respektfull
- Nyskapande
- Trivsel
- Lokal kultur og historie
- Natur

I den kommunale verksemda skal alle tilsette leggje vekt på å vera:

- Offensive
- Løysingsorienterte
- Inkluderande



Ordføraren sine kommentarar

Gjort og ikkje gjort i 2014

Når ein sett seg ned for å skrive kommentarar til årsmeldinga, startar ein ofte med å sjå attende på året som har gått. Det er sjølv sagt alltid svært nyttig å stoppe opp og tenkje attende på kva ein har fått gjort og ikkje gjort.

Men uansett kor mykje ein kunne ynskje seg attende for å gjere ting annleis, så er tida gått og det som har vore gjort er gjort. Eg vil derfor heller i år nytte denne plassen til å sjå framover.

Tenk og handle med positivitet

Det er mykje positiv utvikling i Lom og bygdene rundt oss. Alt det positive skal oss ta med oss i det daglege arbeidet når ting ikkje går slik som oss kanskje ynskjer.

Kommunen har ansvar for å levere tenester på mange område etter eit svært komplisert lovverk. Barnehage, skule, helse- og omsorgstenester, renovasjon, vatn og avlaup er døme på dei største oppgåvene.

I tillegg er det mykje infrastruktur og andre ikkje lovpålagde tenester som det vert venta at kommunen tek hand om.

Alt dette skal finansierast av ein pott med avgrensa midlar. Tenesteområda, administrasjonen og politikarane står heile tida ovanfor utfordrande prioriteringar, og det er heilt umogleg å få til alt ein ynskjer. Det er da viktig å tenkje positivt og vere glade og tilfredse med det oss har og klarer å få til, og tenkje at oss tross alt bur i eit regulert samfunn som klarer å levere trygge og gode levevilkår for befolkninga.

Samfunn i endring

Sjølv om oss har det svært godt i Lom, vil oss måtte tilpasse oss samfunnsutviklinga og på fleire område må oss løyse oppgåver saman med andre kommunar.

Mykje defor har Regjering og Storting sett i gang ein storstilt kommunereform i Norge, og det kan verke som om det berre er store kommunar som vil klare å levere tenester i framtida.

Det er sjølv sagt ikkje realiteten. Dei fleste målingar viser at befolkninga er mest nøgde med tenestene som er levert i små og mellomstore kommunar. I Nord-Gudbrandsdalen har oss difor sett i gang dette reformarbeidet basert på at to og to kommunar sett seg ned saman og ser på fordelar og ulemper med dagens og morgondagens kommunar.



Bjarne Eiolf Holo
ordførar Bjarne Eiolf Holo (Sp)

Lom og Skjåk er i gang med dette arbeidet og ei førebels vurdering vil verta lagt fram for sittande kommunestyre.

Eit eventuelt vedtak om å opprette ei ny kommune basert på Lom og Skjåk, vil verta ei oppgåve for det nye kommunestyret i 2016. Vi går dermed inn i ei spanande tid der det vil verta gjort mykje vurderingar og teke viktige beslutningar som vil forme framtida for kommunen vår.

Eit viktig styringsreiskap

Årsmelding og rekneskap slik det er presentert i dette dokumentet, inneheld mykje viktig informasjon både for dei tilsette, politikarane og innbyggjarane i kommunen.

Eg vil oppmode både sittande og komande politikarar til å setja seg godt inn i årsmeldinga og nytte denne i det politiske arbeidet framover.

Ved å nytte årsmeldinga som eit arbeidsdokument der du markerar, skriv og kommenterer, har du eit godt verktøy når du skal gå i gang med prioriteringar og endringsprosessar. Ta gjerne også eit blick i nabo-kommunane sine årsmeldingar.

Takk for samarbeidet i 2014.

Takk til alle tilsette og politikarar som saman bidreg til at Lom kommune klarer å levere gode og trygge tenester.

Takk også til dei frivillige laga og organisasjonane, næringslivet og innbyggjarane som aktivt er med og skapar eit attraktivt og omsorgsfullt lokalsamfunn.

Administrasjonssjefen si vurdering

For første gong i nyare tid legg Lom kommune fram eit negativt netto driftsresultat. Det er usikkert om dette har skjedd før.

Negativt driftsresultat

Kommunen må ta fatt i dette og sørge for at driftsresultatet blir på nivå med målsettinga. Dette må tydeleggjerast og forankrast i budsjettarbeidet og vera gjennomgåande i forvaltninga. Mellom anna kan ikkje budsjettjustering gjennom budsjettjusteringssak og enkeltvedtak i løpet av året gjerast som i 2014.

Handlingsregel

Likevel er resultatet faktisk noko betre enn det som var forutsett i justert budsjett. For å tydeleggjera dette vil administrasjonssjefen foreslå å innføre ein handlingsregel som klargjer målsett nivå på vesentlege og grunnleggjande økonomiske nøkkeltal. Dei er:

- Netto driftsresultat i prosent av sum brutto driftsinntekter – 2 %
- Lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter – 65%
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter – 10 %

Desse nøkkeltala må vera grunnleggjande i den økonomiske styringa i kommunen. Konsekvensar av desse forslaga går fram på side 21 i årsmeldinga.

Kommunebarometeret

Vi vart nr 2 på Kommunebarometeret i 2014, noko som må seiast å vera ein god prestasjon. Kommunebarometeret er den mest omfattande og grunnleggjande rangeringa av norske kommunar. Kommunen viser elles til gode resultat på fleire område, m.a. innan effektiv drift i rangeringa som er gjort av Teknisk beregningsutval.

Utgard

2014 var første driftsår i Utgard. Aktiviteten må seiast å vera tilfredsstillande. Det er naturleg at ein må prøve å feile for å finne god struktur og fornuftig nivå i høve tilrettelegging og arrangement. Kommunen har elles vore nødt til å følgje opp betydelege

bygningmessige manglar ved Utgard. Kommunen følgjer opp dette ved hjelp frå juridisk og bygningmessig kompetansmiljø med målsetning om økonomisk kompensasjon så langt som råd etter gjeldande føresetnader.

Kommunereform

2014 var året der fleirtalet i Stortinget samla seg om å gjennomføre ein kommunereform. Målet er færre, større og meir robuste kommunar med auka makt og mynde. Krav til auka effektivitet og forventningar frå innbyggjarane er grunnlaget for kommunereformen. Lom kommune har stilt seg positiv til å utrede alternative endringar i kommunestruktur. Utrednings- og vedtaksprosessen er omfattande og utfordrande og det blir forutsett at det blir nytta naudsynt tid til dette. Demokratiutfordringa i etablert styrings- og samarbeidsstruktur i dag med utstrakt interkommunalt samarbeid er stor og vil forhåpentleg føre til forbetringar.

Eigarskapsmeldinga

Det er og naturleg å nemne vedtak om etablering av eigarskapsmelding som vil føre til moglegheit til forbetring av forvaltning av kommunale eigardelar og samarbeid med andre med eit heilheitleg grunnlag.

Utfordrande prosessar

Kommunen har elles vore part i og vore ansvarleg for utfordrande prosessar i siste driftsår. Det gjeld stevninga som Nissegarder og Kjell Madsen har tatt ut mot kommunen. Den saka har gått gjennom heile rettssystemet og har fått si avgjerd i høgsterett. Prosessen har vore ressurskrevjande og på eit nivå som kommunen normalt ikkje er rusta til.

Læringsmiljø og skulestruktur

Vidare har 2014 vore nytta til ei nøye vurdering av skule med fokus på læringsmiljø og struktur. Prosessen

enda opp med vedtak om å legge ned skuledelen på Garmo oppvekstsenter.

Planprogram

Kommunen har gjort vedtak om planprogram. Sentralt i dette arbeidet er den overordna samfunnsdelen og arealplan. Endeleg planvedtak med hovudstrategiar og fokusområde er viktig for vidareutvikling av Lom kommune.

Medarbeidarar

Medarbeidarundersøkinga viser at dei tilsette i kommunen har det bra. Det kjem likevel fram tendensar som bør gripast fatt i. Dette gjeld m.a. leiarskap og tid. Vidare fokus på partsamansett samarbeid med vekt på proaktivitet og forutsigbarheit er svært viktig for å halde grunnlaget for komande år. Dette er særleg viktig i høve strukturendringar og effektivisering. Tendensen i høve utfordringar med rekruttering av leiarar har og vore gjeldande i 2014. Dette må kommunen løyse. Når det gjeld fagpersonell elles har vi i stor grad hatt gode søkjartal.


Eg nyttar høvet til å takke alle for god arbeidsinnsats!



administrasjonssjef Ola Helstad



Utvikling i folketallet








Folketalet i Lom kommune ved utgangen av året frå 1989 til 2014. (Kjelde SSB.)

Under syner vi prognoser i to moglege scenario for utviklinga i folketalet fram til 2040.

(Kjelde: SSB.)

◆ Middels nasjonal vekst
■ Sterk aldring



2. Styringssystem

Mål og resultatstyring

Lom kommune har omfattande delegering av mynde. Vi lever i eit samfunn med raske endringar, og gjennom denne delegeringa blir det ein fleksibel organisasjon og avgjerder blir tekne der kompetanse ligg. Gjennom dette oppnår ein meir attraktive arbeidsplassar, ved at den enkelte får

nytta sin kompetanse.

For styring og koordinering er det i fleire år blitt nytta balansert målstyring. Det blir vedteke mål for kvart tenestekområde som ein del av kommunen sitt budsjettvedtak. Økonomisk er det rapportert til kommunestyret kvart

tertiar, der årsrapporten fungerer som rapport for 3. tertial. Det er systematiske målingar av brukar og medarbeidar-perspektivet gjennom spørjeundersøkingar, der tenestekvalitet og medarbeidartilfredshet blir målt. Kommunen nyttar elles Kommunebarometeret i styring av verksemda.

Det totale målekartet

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg Lom kommune | | | |
|--------------------|--------------------------|---|-------------------|----------|----------|----------|
| | | | res 2014 | Res 2013 | Res 2014 | Mål 2014 |
| Økonomi | Økonomi-styring og drift | Brutto driftsresultat | 0,5% | 1,6% | -5,8% | 0,3% |
| | | Netto driftsresultat | 1,1% | 6,3% | -1,0% | 3,0% |
| | Finansiell styring | Eigekapitalprosent | - | 31,5% | 42,0% | 30,0% |
| | | Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter | 291% | 199% | 233% | 212% |
| Likviditetsstyring | Lividitetsgrad 1 | Arbeidskapital i % av driftsinntekter | - | 2,4 | 3,6 | 3,4 |
| | | | 14,9% | 31,8 % | 41,3% | 34,0% |
| Medarbeidar | Opplevd kvalitet | Alt i alt, kva grad er du nøgd med næraste leiar | 4,0 | 4,8 | 4,5 | 4,7 |
| | | Er du nøgd med standarden på arbeidslokala | 4,0 | 4,1 | 4,0 | 4,3 |
| | | Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på ein god måte | 4,8 | 5,1 | 4,9 | 4,9 |
| | | Har du høve til å arbeide sjølvstendig | 5,7 | 5,3 | 5,2 | 5,0 |
| | Målt kvalitet | Sjukefråvær korttid | - | 2,8 % | 4,8% | 2,0% |
| | | Sjukefråvær langtid | - | 3,5 % | 4,1% | 3,0% |
| Læring og fornying | Opplevd kvalitet | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt? | 4,7 | 4,9 | 4,9 | 4,6 |
| | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseheving? | 4,3 | 4,5 | 4,2 | 4,3 |

Internkontrollen

2014 har vore nytta til innføring av elektronisk kvalitetssystem.

Internkontrollen er heimla i Kommuneloven. Administrasjonssjefen skal syte for at kommunen blir drive i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at det er god kontroll innan økonomi- og personalforvaltning, innkjøp, IKT-styring og informasjonstryggleik, saksbehandling og tenesteproduksjon.

Internkontroll handlar om systematisk arbeid og dokumentasjon av eigen praksis, forbetring av arbeidsmetoder og samhandling for å sikre måloppnåing, og for å unngå lovbrøt og andre uønska hendingar. Med internkontroll meiner ein kvalitetssikring av prosessar, system og rutinar som blir utforma

og gjennomført. I si grunnstamme er internkontroll å ha kunnskap til å handle for negative eller farlege ting skjer. Vi ønskjer å ta tak, forbetre og skape gode haldingar til internkontrollen.

Ein nyttar elektronisk kvalitetssystem frå Kommuneforlaget (KF), gjennom KF-infoserie, KF-kvalitetsstyring og KF-Betre.kommune. Fokus i 2014 har vore avvikssystem og risikoanalyser. Det er framleis dokumentasjon, som skal inn i det elektroniske kvalitetssystemet. Arbeidet vil fortsetje for å få eit heilskapleg kvalitetssystem, som i varetek kravet til internkontroll innan ramma av § 23 i kommunelova.


Kommunelova § 23, 2. ledd

Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksar, og at den er gjenstand for betryggende kontroll

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter §3

Internkontroll: Systematiske tiltak som skal sikre at virksomhetens aktiviteter planlegges, organiseres, utføres og vedlikeholdes i samsvar med krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen.

Årshjulet



Politisk organisering

Kommunestyret

Bjarne Eiolf Holø, Senterpartiet, ordførar
 Odd Arne Kroken, Senterpartiet, medlem i formannskapet
 Gaute Elvesæter Helland, Senterpartiet
 Trygve Husom, Senterpartiet
 Arnstein Rusten, Senterpartiet
 Sigurd Synstnes, Senterpartiet

Anne-Lise Marstein, Arbeiderpartiet, varaordførar
 Jarmund Øyen, Arbeiderpartiet
 Harald Martin Onsum Berg, Arbeiderpartiet
 Norvald Eilev Hellekveen, Arbeiderpartiet
 Sigrun Garmo, Arbeiderpartiet

Kristian Frisvold, Bygdalista, medlem i formannskapet
 Dagfinn Kvålshagen, Bygdalista
 Bente Flaten, Bygdalista
 Mai Bakken, Lomslista, medlem i formannskapet
 Eilev Hellekveen, Lomslista
 Magny Ellen Hilde

Formannskapet

Bjarne Eiolf Holø (ordførar, SP), Anne Lise Marstein (varaordførar, AP), Mai Bakken (LL), Odd Arne Kroken (SP), Kristian Frisvold (BL).

Andre politiske råd og utval

Administrasjonsutval
 Brukarråd
 Budsjettutval
 Eldrerådet
 Kommunalt råd for funksjonshemma
 Liv i Lom - styringsgruppe

Landsbyrådet
 Overtakstnemnd
 Saksutval samhandlingsreformen
 Takstutval
 Tilsettingsutval
 Ungdområdet

Vilt og innlandsfiskeremnd
 Valnemnd
 Valstyret
 Kontrollutvalet

Administrativ organisering

Lom kommune er organisert i ein to-nivå-modell med administrasjonssjef Ola Helstad som administrativ leiar. Administrasjonen er inndelt i desse tenesteområda med kvar sin leiar:

- Støttefunksjonen, leiar Egil Haug
- Loar skule, rektor Mariann Øygard
- Lom ungdomsskule, rektor Tore Mundal
- Loar barnehage, leiar Ragnhild Vestad
- Miljø, teknisk, næring, Ola Helstad konst. leiar
- Helse og velferd, kommunalsjef Bjørn Bakke
- Pleie og omsorg, pleie- og omsorgssjef Oda Evy Øyen

3. Perspektiv

Kommunen som samfunnsaktør

Næringsutvikling

Lom kommune legg til rette for næringsutvikling og bidreg med å støtte opp om tradisjonelt jord- og skogbruk, gründerar, trafikkskapande tiltak, kompetanseheving og tilflyttingsarbeid med tilskot frå det kommunale næringsfondet. I 2014 har kommunen gitt tilskot til tiltak innan jord- og skogbruk (m.a. driftsbygningar, generasjonsskifte, beitelag og avverking i skogbruk) og nyetableringar som Beautybag AS og Smak i Lom AS.

Regional ordning for bygdeutviklingsmidlar i Nord-Gudbrandsdalen vart avvikla i løpet av 2014, og ligg no under Innovasjon Norge. På eit regionalt nivå samlast 6K Næring omtrent ein gong i månaden, der felles utfordringar og moglegheiter blir drøfta. Dette er eit felles forum for dei seks næringsjefane i regionen.

Kommunen driv også aktivt med informasjonsarbeid opp mot næringslivet gjennom kanalar som heimesida, nyheitsbrev og Facebook, og informerer om aktuelle kurs, nye verksemder, ledige tomter og lokale, støtteordningar og liknande.

Lom vart nr. 96 på NæringsNM i 2014. Til tross for at dette var ein nedgang frå i fjor så er dette eit akseptabelt resultat der Lom kjem på andreplass i Nord-Gudbrandsdalen. Lom scorar godt på storleik, lønnsemd og vekst, men dårleg på nyetableringar.

Handelstanden fortsett den positive utviklinga med vekst i omsetning pr. innbyggjar, medan reiselivsnæringa er ganske stabil med 143 000 gjestedøgn i 2014, primært nordmenn.

Dette året fekk både Jotunheimen Reiseliv og Nasjonalparkriket Reiseliv tilskot for å drive med marknadsføring og profilering av området vårt. Totalt vart det tildelt kr. 650 000 frå næringsfondet til dette arbeidet.

Åtte verksemder frå Lom fekk tildelt ein pris i 2014, som



Tradisjonelt jord- og skogbruk er viktig i Lom kommune

mellom anna «årets bedrift», «bygg- og bevar prisen», gasselstatus og den kommunale og regionale næringsprisen.

Lom kommune har tatt initiativ til å få på plass ei betre skilting i industrifeltet i Prestøye / Gjeisarøye, og koordinerer prosessen i lag med Statens Vegvesen og næringslivsaktørar.

Saman med Lom ungdomsskule og Ungt Entreprenørskap har kommunen utarbeidd eit utkast til eit årshjul for å stimulere til gründerverksemd og kreative tankeprosesser på eit tidleg stadium, særleg knytt opp mot elevbedrifter.

Kommunen har også inngått eit samarbeid med Lokaljobb AS, som publiserer alle ledige stillingar i Gudbrandsdalen på ei felles heimeside som næringa kan nytte gratis. Føremålet er å få synleggjere ei større bredde av dei ledige stillingane som finst i området vårt.

Saman med prosjektet «200 ledige hus» jobbast det aktivt med å fylla opp tomme hus og gardstun som ikkje lenger er i bruk, da befolkningsauke er ei viktig målsetning for Lom kommune.

Nasjonalparklandsby

Norges Nasjonalparklandsbyar fekk eit tilskot på 2,5 millionar i 2014, der kr. 269 000 vart utbetalt til kvar landsby knytt til ein tiltaksplan. Lom nasjonalparklandsby har m.a. vore delaktig som arrangør på julemarknaden i Presthaugen, der målsetinga er å få meir liv i det gamle Bygdetunet i Presthaugen og fremme lokale produkt, elevbedrifter og leverandørar.

BKA-kurs, vertskapskurs og visningstur har vorte arrangert for å betre den lokale kunnskapen til tilsette i varehandel- og reiselivsnæringa, og bidra til eit auka samarbeid mellom aktørane. Prosjektet har elles gitt tilskot til tilrettelegging i Presthaugen, etableringa av eit buldrerom i Eggjalia og enkle ladepunkt for elbil på Fossheim og Fossberg.

Organisatorisk har nasjonalparklandsbyane og nasjonalparkkommunane slått seg saman til ein felles organisasjon, og er ein viktig aktør i arbeidet med den nasjonale merkevarestrategien som er starta av Klima- og Miljødepartementet. Startegien er planlagt lansert 14. april 2015.

Levekår - folkehelseoversikt

Gjennom folkehelseoversikta har kommunen oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne. Folkehelse går inn i kommuneplanen sin samfunnsdel. Folkehelsearbeidet foregår på tvers av tenesteområder, slik at ein kan førebyggje sjukdom og fremje helse. Diagram og fakta i dette kapitlet referer seg til Folkehelseoversikt Lom kommune, febr. 2015 der talgrunnlaget er frå 2014.

Dette er små utdrag frå folkehelseoversikta, der hovudbolkane er befolkningsamansetjing, oppvekst- og levekårsforhold, fysisk – biologisk – kjemisk- og sosialt miljø, skadar og ulykker, helserelevanter atferd og helsetilstand.

Vi ser at eit rikt organisasjonsliv av frivillige lag og andre organisasjonar, som bidreg til ymse aktivitet, idretts- og kulturarrangement er positive påverknadsfaktorar for folkehelse. Trivsel, trening, inkludering og sosialt samvær blir styrka.

Befolkning

Folketalet i Lom pr.31.12.2014 var 2356 innbyggjarar. Vidare framskrivingar syner reduksjon i folketal i aldersgruppene under 67år. Forventa innbyggjartal i år 2040 er 2266 innbyggjarar og syner ei auke på 109 personar i aldersgruppa 67 – 79 år og ei auke på 106 personar i aldersgruppa over 80 år. Kurvene for innflytting og utflytting har dei siste åra følg kvarandre og syner liten differanse. I levekårsundersøkinga 2014 oppga

- 33% at dei hadde budd i kommunen i meir enn 50 år.
- 60% hadde budd i kommunen mellom 10 og 49 år, og 7% i mindre enn 9 år.
- 92% svara at dei trivdes godt eller svært godt med å bu i kommunen.
- 69% svara at dei sjeldan eller aldri var einsame

Samansetjing i befolkningae i høve alder, butid, helse og etnisitet påverkar behovet for tenester framover. Einsemd og mangel på sosial støtte fører til dårlegare livskvalitet og kan føre til dårlegare helse.


Økonomi

I barnefamiliar rapporterte 12 % at dei ikkje hadde økonomi til å klare alle fem av følgjande:


- at barn/unge i husstanden har eige rom,
- kan ta med venner heim,
- får delta i og sjølv ha bursdagsfeiring,
- kan delta på fritidsaktivitetar,
- har utstyr til å delta på fritidsaktivitetar.

Vidare rapporterte 21 % av dei spurde at dei ikkje hadde økonomi til å klare alle fem av følgjande: løpande utgifter, ei veke ferie utanom heimen i året, PC og internett-tilgang, eige ein bil, betale for undersøking og behandling.


Vi følger opp gjennom årshjulet saman med folkehelsekoordinatoren ved NGLMS. Det er avtale om ein brei prosess for oppdatering og kompetanseheving kvart fjerde år i forkant av planstrategiarbeidet.



Samanlikning av sosial støtte i Lom og i nabokommunar



Samanlikning av sdeltaking i aktiviteter i Lom og i nabokommunar



Samanlikning av eiga vurdering av økonomien til barnefamiliar i Lom og i nabokommunar

Kjelde: <http://www.nglms.no/oversikter-over-helsetilstand-og-paavirknings-faktorer.243428.no.html>

Regionalt samarbeid

Kommunane har stor grad av organisasjonsfridom. Lom kommune har saman med andre kommunar i regionen, nytta denne retten til ulike regionale samarbeid.

I hovudsak kan kommunane organisere verksemda etter reglar i kommunelova, men kan og nytte seg av privatrettslege lovar som aksjelova, stiftingar og samvirkeforetak. Lom kommune er med i desse samarbeidsordningane:

| | KL § | Teneste | Overføringar | |
|--------|------|-----------|--------------|-----------|
| | | | Til | Frå |
| 1 | § 27 | Div. | 2 257 000 | |
| 2 | | Div | 1 678 000 | |
| 3 | §27 | 1100 | 513 000 | |
| 4 | §27 | 1100 | 109 000 | |
| 5 | §28 | 2901 | Sjå punkt 26 | |
| 6 | §28 | 3290 | 240 000 | |
| 7 | §28 | | 48 000 | |
| 8 | §28 | 1211 | 603 000 | |
| 9 | §28 | | | |
| 10 | §27 | 1211 | 1 720 000 | |
| 11 | §27 | 3265 | 442 000 | |
| 12 | §28 | 2413 | | 972 000 |
| 13 | §28 | | 756 000 | |
| 14 | §28 | | 885 000 | |
| 15 | §28 | | | 765 000 |
| 16 | §28 | 2021 | 1 271 000 | |
| 17 | §27 | 3291 | | 804 000 |
| 18 | §28 | 2440 | 327 000 | |
| 19 | §28 | 2410/2417 | 2 490 000 | |
| 20 | §28 | 2410 | 185 000 | |
| 21 | §28 | | 186 000 | |
| 22 | §28 | 2321 | 40 000 | |
| 23 | §28 | 2417 | 1 473 000 | |
| 24 | §28 | 2530 | 307 000 | |
| 25 | §28 | | 299 000 | |
| 26 | §28 | 1201 | 430 000 | |
| 27 | §27 | - | - | |
| 28 | §27 | - | - | |
| Totalt | | | 16 259 000 | 2 541 000 |

Tabellen over syner samarbeidsordningar kommunen er med i, kva paragraf som regulerer samarbeidet og kor mykje som blir betalt til samarbeidsordninga, eller inn til – der Lom er vertskommune eller administrativt tilhald for ordninga.

Etter kommunelova § 27 kan ein etablere samarbeid, men berre mellom kommunar og fylkeskommunar. Disse selskapa blir leia gjennom eige styre, slik at kommunestyret misser den direkte styringa med selskapet. Graden av delegert mynder avgjer om eit slikt organ vil vera eige rettssubjekt.

Vertskommunesamarbeid er regulert gjennom kommunelova

§ 28-1. Dette samarbeidet skjer ved at ei kommune utfører oppgåver for ei eller fleire andre kommunar. Samarbeidet er avtaleregulert, og er ikkje eige rettssubjekt. Vertskommunesamarbeid kan vera anten administrativt samarbeid eller som vertskommune med felles folkevald nemnd. I den siste modellen handsamar den politisk valde nemnd dei prinsipielle og politiske spørsmål i samarbeidet.

Klima og miljø

Kommunedelplan for klima og miljø i Lom kommune vart vedteken av Lom kommunestyre 17.06.2010. Kommunedelplanen vart utarbeidd på bakgrunn av den regional planen som vart vedteken i 2008.

Kommunedelplanen inneheld ein handlingsplan for perioden 2010-2015 med til saman 16 tiltakspunkt. Manglande personal- og økonomiske ressursar har medført at mange punkt i handlingsplanen ikkje er følgd opp i tråd med kommunedelplanens intensjonar. Men 1. desember 2014 fall likevel ein vesentleg brikke i handlingsplanen på plass, da Lom Biovarme AS starta opp varmesentralen på industritomta i Eggjalía. Biovarmeanlegget har denne vinteren forsynt Utgard, Loar-området (medrekna Lom ungdomsskule og Lom folkebibliotek) og Lom helseheim med miljøvenleg vassboren varme produsert på biobrensel,

dvs. treflis frå Skjåk Allmenning. I løpet av 2015 skal også Ottadalen Mølle knytast til varmesentralen, som da får ein årsproduksjon på ca 2 mill kWh.

Eit anna tema som er nemnt i kommunedelplane for klima og miljø er betre tilrettelegging for gåande og syklende til og frå sentrum ved å få på plass ei gangbru over Bøvre mellom Lom Camping og Andvord. Bruforbindelsen vil også gjere turstignettet ut frå sentrum lettare tilgjengeleg. Bruforbindelsen har vore inne i planverket til Lom kommune i ei årrekke, og arbeid med å planlegge og finansiere brua har pågått sidan 2010. Hausten 2014 var dei siste brikkane i finansieringa på plass, og kommunestyret gjorde endeleg vedtak om å realisere gangbrua i september. Brua skal stå ferdig til sommaren 2015.

Informasjon og medverknad

Styrke

- Nettsider er universelt tilgjengeleg,
- Godt servicetorg
- Tenestekildringar og serviceerklæringar for kommunale tenester
- Vi legg vekt på meiroffentlegheit og legg dagleg ut postjournalen på nett
- Intranett for intern informasjon
- Ekstranett for politikarane

Utfordring

- Mobiltilpassing av kommunenettstad
- Manglande videooverføring av politiske møte
- Vi kan bli betre på å nå brukarane i sosiale medier

Informasjon

I KS sin digitaliseringsstrategi for kommunane 2013 til 2016 finn vi mellom anna desse to måla:

- ”Kommuner og fylkeskommuner har nettbaserte tenester for kommunikasjon med innbyggere og næringsliv som tilfredsstillar krav til universell utforming.”
- ”Kommuner og fylkeskommuner har løysningar for sikker pålogging for innbyggers tilgang til egne opplysningar via nettsidene.”

Den elektroniske skjemaløysinga (Kommune 24/7) vart i 2014 koplá mot ID-porten slik at brukarane kan velje sikker innlogging. Skjemaløysinga vart og i 2014 tilpassa mobilbrukarar.

Medverknad

Kommunen har gjennomført brukarundersøkingar gjennom mange år med oppfølging av resultatá for heile kommunen og på kvart enkelt tenesteområde. Denne systematiske oppsamlinga av attendemeldingar frå brukarane er eit viktig bidrag i vidareutvikling av tenestene og har gjeve gode resultat på Kommunebarometeret dei siste tre ára.

Nettstaden for fleirbrukshuset Utgard (www.lom.no) er og mobiltilpassa og har elektronisk sal av billettar. Kommunenettstaden (www.lom.kommune.no) har ikkje mobiltilpassa nettsider, men det er arbeid i gang med nytt design som også vil gje mobiltilpassa nettsider.

Både kommunenettstaden og nettsidene til Utgard er universielt utforma.

Lom kommune har ei offisiell Facebookside i tillegg til Facebooksider for biblioteket, fleirbrukshuset Utgard og for satsinga på næringsutvikling. Biblioteket driv og ein populær blogg.

Tilsvarende har kommunen og gjennomført medarbeidarundersøkingar gjennom mange år.

Nokre resultat frå brukar- og medarbeidarundersøkingar er presenterte i det totale målekartet på side 7 og frå side 28 i målekarta for tenesteområda.

Samfunnstryggleik og beredskap

Lom skal vera ein god kommune å bu og verke i. Vi skal til ei kvar tid ha eit godt og oppdatert planverk og sentrale aktørar skal vite kva rolle dei har i ein beredskapssituasjon.

Kommunen har ei kriseleiing som kan kallast inn på kort varsel. Kriseverktøyet CIM blir brukt i krisesituasjonar. Det er oppretta ei intern gruppe som kontinuerlig arbeider med vidareutvikling av planverket. I 2014 vart det starta opp

arbeid med overordna ROS-analyser i regionen. Det nye naudnettet er teke i bruk i kommunen.

19. mai 2014 vart det halde ei beredskapsøving i Lom. Scenarioet var ein gisselsituasjon ved ein skule i kommunen. Oppsummeringa frå Fylkesmannen var stort sett positiv, men det vart og avdekket at det er behov for forbetringar, spesielt på informasjon.

2014 - fyrste heile driftsår for Utgard fleirbrukshus

Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, avd. Lom har leigd skuledelen, og nytta kjøkkenet og kafeen til kantine på dagtid. Det er store årskull og alt som kan disponerast som klasserom har vore i bruk.

Lom Kommune har 1 driftsleiar i 100% stillingsressurs knytt til Utgard. 2 vaktmeister i 50% stillingsressurs og reinhaldspersonalet har vore fordelt på 2-3 stillingar med 50% stillingsressurs. I tillegg kjem ekstrahjelp ved arrangement. MNT har i 2014 vore ansvarlege for bygg og anlegg.

Det har totalt vore 25 arrangement som har vore opne for publikum, 7 av desse har vore egne arrangement. Totalt har det vore ca 5300 besøkande ved opne arrangement.



Bygdekinoen står for kinotilbodet i Utgard, og det har vore 17 kinokvelder med 35 framsyningar.

Idrettshallen har vore lånt ut til ulike idrettsaktivitetar gjennom heile vinteren, våren og hausten. Det har blant anna vore treningssamlingar i Utgard frå NTG Lillehammer og QuiksliverCamp.

Idrettshallen blir og nytt av skulane i Lom på dagtid, frå haustferie til påskeferie. Totalt sett så er idrettshallen meir eller mindre fylt med trening frå kl. 8-21 frå måndag til fredag frå november/desember til påske.

Idrettslag og aktivitetsgrupper fyller hallen på kveldstid.

Spinning- og styrketreningsrommet har vore aktivt nytta, og det er selt nærmare 300 treningskort.

Utgard har fått på plass eiga heimeside: www.lom.no og har billettsystem som gjer at våre gjester kan kjøpe billetter online. Vi ser at 60% kjøper billetter til Utgard vida internett.

Det har vore stor aktivitet i Utgard fyrste driftsåret.

Ein stor takk til alle som brukar og nyttar seg av tilboda i Utgard – det er for dykk Lom Kommune har bygd Utgard fleirbrukshus!

Kommunen som arbeidsgjevar

Lom kommune har ein arbeidsgjevarstrategi frå 2012.

Arbeidsgjevarstrategien er inndelt i to overordna satsings-

område: 1) omdømme og rekruttering og

2) omdømme og nærvær og satsingsområde:

1. rekruttere og behalde
2. kompetanse
3. løn
4. livsfase
5. likestilling og mangfald
6. nærvær og fråvær
7. leiging
8. medbestemmelse.

Arbeidsgjevarstrategien er eit overordna styringsdokument som skal sjåast saman med sentrale avtaler mellom arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevar, og lokale styringsdokument som kommuneplanen Lom 2020 og budsjetttdokument. Strategien ser fram mot 2020.

Leiging

Målsettingar

- Lom kommune skal kontinuerleg forbetre kvalitet og effektivitet, og utvikle nye løysingar saman med brukarar, innbyggarar og samarbeidspartar.
- Lom kommune skal ha leiarar som utfordrar, stiller krav og støttar.
- Lom kommune skal ha ein høg etisk standard.

Lom kommune har ei leiargruppe på ni. Gruppen er samansett av 4 menn og 5 kvinner.

Mål for arbeidsgjevarstrategien;

- Lom kommune skal kontinuerleg forbetre kvalitet og effektivitet, og utvikle nye løysingar saman med brukarar, innbyggarar og samarbeidspartar.
- Løn kommune skal ha leiarar som utfordrar, stiller krav og støttar.
- Lom kommune skal ha ein høg etisk standard, dei tilsette skal ta ansvar for eigne handlingar i samsvar med dei etiske retningslinene.
- Lom kommune skal ha evne til å rekruttere, behalde, og utvikle medarbeidarar, og ha god konkurransevne i arbeidsmarknaden.
- Lom kommune ynskjer til kvar tid å representere mangfaldet i samfunnet.
- Tilsette og arbeidsgjevar arbeider kontinuerleg for eit godt omdømme.

Det er lagt vekt på utstrakt delegering ved at fagansvar, personalansvar og økonomisk ansvar i vesentleg grad er delegert. Som følge av dette har leiarane eit tydeleg uttrykt resultatansvar. Målet med dette er å bygge opp under eit tydeleg og handlekraftig leiarskap samstundes som at det er stutt veg for medvirkning frå medarbeidarane. Samhandling innan tenesteområda og mellom tenesteområda med felles fokus gjennom tydeleg mål- og resultatfokus er grunnleggjande.

Arbeidsmiljø og hms

Lom kommune vart i 2003 IA-bedrift, og har no skrive under ei forlenga avtale ut 2018. Som IA-bedrift skal Lom kommune aktivt arbeide for å betre arbeidsmiljøet, styrke jobbnærværet, førebygge og redusere sjukefråvær og hindre utstøying og fråfall frå arbeidslivet.

Lom kommune har 7 verneområde, 10 verneombod og 1 hovudverneombod. Hovudverneombodet er ein av to representantar i AMU. Verneombodet si rolle er å ivareta arbeidstakarane sine interesser i saker som angår arbeidsmiljøet. Arbeidsmiljøutvalet er kommunen sitt overordna organ for saker knytt til arbeidsmiljø og HMS, og har 2 representantar frå arbeidstakarane og 2 representantar frå arbeidsgjevar.

| Sjukefårvær i 2014 fordelt på tenesteområda og på lengde på fråvær | Talet på dagar | Fodeling i prosent | | | Tot |
|--|----------------|--------------------|-------------|------------|------------|
| | | 1-16 dagar | 17-40 dagar | >=41 dagar | |
| Koordinerande ening | 1 | 5,0 | 0,0 | 0,0 | 5,0 |
| Rådmannen | 8 | 0,3 | 2,1 | 0,0 | 2,4 |
| Støttefunksjonen | 34 | 1,7 | 0,9 | 0,0 | 2,6 |
| Rektor loar skule | 35 | 5,3 | 1,4 | 0,0 | 6,8 |
| Rektor garmo oppvekstsenter | 14 | 9,8 | 6,4 | 3,3 | 19,6 |
| Rektor lom ungdomsskule | 19 | 4,2 | 4,4 | 0,0 | 8,6 |
| Barnehage | 21 | 6,2 | 2,0 | 0,0 | 8,2 |
| Mtn | 40 | 3,0 | 3,1 | 0,2 | 6,3 |
| Utgard | 3 | 1,8 | 0,0 | 0,0 | 1,8 |
| Helse og velferd | 39 | 7,7 | 1,1 | 2,1 | 10,9 |
| Institusjonsbasert omsorg | 76 | 3,2 | 3,0 | 1,4 | 7,6 |
| Heimebasert omsorg | 55 | 6,4 | 6,8 | 2,5 | 15,6 |
| Total | 346 | 4,8 | 3,1 | 1,0 | 8,9 |

| Sjukefråvær totalt frå 2011 til 2014 fordelt på fráværslengde | 1-16 dagar | 17-40 dagar | > 41 dagar | Totalt |
|---|------------|-------------|------------|--------|
| 2011 | 2,00 | 1,00 | 3,10 | 6,20 |
| 2012 | 2,30 | 2,30 | 3,20 | 7,70 |
| 2013 | 2,70 | 2,50 | 2,00 | 6,30 |
| 2014 | 4,80 | 3,10 | 3,10 | 8,90 |

Identitet og omdøme

Det er i Lom kommune fleire strategiske planar som syner kommunen sitt arbeid med identitet og omdøme. I

Lom 2020 og Arbeidsgjevarstrategien er omdøme perspektivet lagt til grunn, og Lom kommune har som visjon å

vere gjestfritt og nyskapande, med åtferdskrav som løysingsorientert, offensiv og inkluderande.

Rekruttering og kompetanseutvikling

Kompetanse er summen av dei kunnskapar, ferdigheiter, evner og haldningar som må nyttast for å utføre dei kommunale oppgåvene som Lom kommune til ei kvar tid utfører, og for å oppnå dei mål som er sette for tenesteytinga.

Kompetanseplanen skal sikre ei målretta kompetanseutvikling av Lom kommune sine tilsette og ei målretta rekruttering av ny arbeidskraft

Lom kommune har som mål til ei kvar tid å ha arbeidstakarar med den kompetansen som er nødvendig for å løyse kommunen sine oppgåver på ein effektiv og rasjonell måte ved å:

- ta vare på og utvikle medarbeidaren sin kompetanse
- ta vare på den nyttilsette medarbeidaren
- fokusere på rekruttering og positiv profilering

Lom kommune skal være ein lærande organisasjon som skapar gode føresetnader for medarbeidaren si læring. Vi har fokus på både interne og eksterne læringsarenaer.

Den strategiske kompetanseplanen skal evaluerast årleg, og det vert utarbeidd tiltaksplanar for kvart tenesteområde med tiltak som skal gjennomførast i løpet av året.

Livfasepolitikk

Som arbeidsgjevar ynskjer Lom kommune å leggje til rette for at tilsette skal trivast og yte sitt beste på arbeidsplassen sin.

Alle går gjennom ulike fasar i livet, og kvar livsfase har ulike behov, krav, utfordringar og moglegheiter.

Lom kommune ynskjer å ta høgde for at det som skjer undervegs i yrkeskarrieren påverkar produktivitet og kor lenge ein ynskjer å vera yrkesaktive.

Talet på senioravtaler frå 2007 til 2014

| 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
|------|------|------|------|------|------|------|------|
| 8 | 9 | 5 | 7 | 17 | 14 | 10 | 12 |

Det har vore arbeidd med livsfasepolitikken i 2014, og den er no klar for godkjenning. Det er teke omsyn til dei ulike fasane i livet i kommunen sin livsfasepolitikk.

Heiltidskultur, likestilling og mangfald

Lom kommune arbeidar aktivt med å redusere bruken av deltidstillingar.

Alle yrkesgrupper er like viktige for at Lom kommune skal vera ei god serviceverksemd.

Det har sidan Lom kommune i desember 2012 vedtok sin Arbeidsgjevarstrategi, vorte utarbeidd ein strategisk kompetanseplan som skal vere med på å oppretthalde og auke kvaliteten på våre tenestar.

| Talet på årsverk 2014 | Totalt | Menn | Kvinner |
|--|--------|------|---------|
| Stab | 4,45 | 2,8 | 1,65 |
| Støttefunksjon | 16,1 | 6,6 | 9,5 |
| Garmo oppvekstsenter | 10,29 | 1,52 | 8,77 |
| Loar barnehage | 17 | - | 17 |
| Loar skule og Lom musikk- og kulturskule | 23,05 | 4,1 | 18,95 |
| Lom ungdomsskule | 13,75 | 4,87 | 8,88 |
| MTN | 22,9 | 12,9 | 10 |
| Utgard | 3,5 | 1 | 2,5 |
| Helse og Velferd | 19,41 | 2,75 | 16,66 |
| Pleie og Omsorg | 70,43 | 2,02 | 68,41 |

Lom kommune har fleire kvinner enn menn i arbeid, og desse har både lågare gjennomsnittleg alder og årsløn.

Det er fleire kvinner enn menn i 100% stillingar. Blant dei tilsette med faste deltidsstillingar er det flest kvinner. Menn har høgare gjennomsnittleg stillingsstorleik.

Det er fleire vikarar inne i arbeid kvart år som ikkje har fast arbeidsforhold i kommunen. Det er flest kvinner, og dei har lågare gjennomsnittleg stillingsstorleik og alder enn mennene.

Som ein del av arbeidsgjevarstrategien skal Lom kommune utarbeide ein likestillings- og mangfaldspolitik. Dette arbeidet skal gjerast saman med dei tillitsvalde.

| Tilsette i faste stillingar 2014 | Menn | Kvinner |
|-----------------------------------|-----------|-----------|
| Talet på tilsette totalt | 45 | 224 |
| Fordeling i prosent | 16,73% | 83,27% |
| Gjennomsnittleg stillingsstorleik | 75,43% | 74,13% |
| Gjennomsnittleg årsløn | 448.459,- | 417.131,- |
| Gjennomsnittleg alder | 49,58 | 45,52 |

| Vikarar | Menn | Kvinner |
|-----------------------------------|--------|---------|
| Talet på vikarar | 38 | 58 |
| Gjennomsnittleg stillingsstorleik | 51,80% | 34,21% |
| Gjennomsnittleg alder | 46,34 | 40,67 |

Lønspolitikk

Lom kommune har ein lønspolitiskplan som skal vere basert på mål, motiverande, kompetanse- og karrierutviklande, synleg og basert på dialog, marknadsorientert og pådrivande for likeløn. Planen er tema på dialogmøter med dei tillitsvalde,

og er aktivt brukt ved rekruttering og lokale lønsforhandlingar.

Lønspolitikken i Lom kommune skal medverke til å oppfylle kommunen og den enkelte driftseining sine målsetjingar. Den skal tene til å

fremje kvalitet, service og effektivitet i tenesteproduksjonen. Planen skal vere ein dynamisk og motiverande del av politikken til arbeidsgjevar.

Lønspolitikken vart gått gjennom i 2014 utan at det vart gjort endringar.

Tillitsvalde

Endringar og aukande forventningar til tenester, arbeidstakarar og arbeidsgjevar krev eit godt samarbeid mellom partane i arbeidslivet. Partane har ein rett og plikt til å gjere sitt beste for å skape eit godt samarbeid i kommunen. Dei tillitsvalde er representantar for dei tilsette ovanfor arbeidsgjevar.

I Lom kommune er det 10 organisasjonar som er representerte, og desse har til saman 71% frikjøpte ressursar til organisasjonsarbeidet. Både pliktar og rettigheitlar til partane, og frikjøpessursar er regulert i Hovudavtala.

Organisasjonane og arbeidsgjevar har dialogmøte kvar månad, og dei tillitsvalde har representantar i TU, AMU og ADMU. I tillegg er dei med i prosjekt og prosessar i regi av arbeidsgjevar.

4. Økonomisk oversyn

Statlege rammer

Frie inntekter

Generelt

Overføringane frå Staten gjennom rametilskot og skatteinntekt utgjer dei frie inntektene. I tillegg til dette har kommunen inntekt av eigedomsskatt, inntekt frå sal av konsesjonskraft og utbytte. Kommune har og tilskot på grunn av mottak av flyktningar.

Realveksten i dei frie inntektene for 2014 var rekna til 0,7 %. Løns- og prisauka legg beslag på auka i dei frie inntektene. Auka i dei frie inntektene var på kr 2 485 000, noko som er ei auke på 2 % i forhold til 2013.

Skatt

Lom kommune er ei minsteinntektskommune. Ca 90 % av differansen mellom eige skatteinngang og gjennomsnittet for landet, blir overført frå dei skattesterke kommunane til dei skattesvake gjennom inntektsutjamning. Lom kommune fekk ei inntektsutjamning i 2014 på kr 10 470 000. Vi fekk ei mindreinntekt på inntektsutjamning på kr 1 751 000. Skatteinntektane vart på kr 43 317 000. Av skatt på inntekt og formue fekk kommunen ei mindreinntekt på kr 886 000, men i tillegg får kommunen naturressursskatt

på kr 2 187 000. Samla skatt gjev ei meirinntekt på kr 1 302 000, og trekt frå mindreinntekt på inntektsutjamning får vi ei mindreinntekt på skatteelementet på kr 449 000.

Rametilskot

Rametilskotet er sett saman av tre delelement; rameoverføring, inntektsutjamning og skjønstilskot. Samla er rametilskotet på kr 83 794 000. Delelementet rameoverføring har ei meirinntekt på kr 46 000. Skjønstilskotet er i samsvar med budsjettet. For delelementet inntektsutjamning blir det vist til punktet om skatt.

Inntekter frå staten

| | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2014 | Buds(end) 2014 | Avvik |
|----------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|------------|
| Naturressursskatt | 2 165 471 | 2 187 900 | 0 | 2 187 900 |
| Skatt på inntekt og formue | 42 503 681 | 43 317 330 | 44 203 000 | -885 670 |
| Statleg rammeoverføring | 70 600 000 | 72 821 000 | 72 775 000 | 46 000 |
| Inntektsutjamning | 10 945 370 | 10 473 006 | 12 224 000 | -1 750 994 |
| Skjønstilskot | 600 000 | 500 000 | 500 000 | 0 |
| Sum inntekter | 126 814 522 | 129 299 236 | 129 702 000 | -402 764 |



Driftsrekneskap

Hovudtal frå tenesteområda

| Tenesteområde | Rekneskap 2010 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2014 | Buds(end) 2014 | Avvik i kr | Avvik i % *) |
|---------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|---------------|-----------------|
| Rådgjevar oppvekst | 6 996 314 | 7 314 427 | 7 424 260 | 7 965 873 | 2 418 960 | 2 382 400 | -36 560 | -1,5 % |
| Støttefunksjonen | -99 651 331 | -114 513 004 | -119 310 560 | -120 282 582 | -133 265 261 | -133 233 793 | 31 468 | 0,0 % |
| Loar skule | 12 989 017 | 12 548 498 | 13 805 755 | 14 457 275 | 16 291 934 | 15 734 592 | -557 342 | -3,5 % |
| Lom ungdomsskule | 11 502 141 | 10 231 789 | 9 753 239 | 9 575 512 | 10 791 755 | 11 088 880 | 297 125 | 2,7 % |
| Garmo oppvekstsenter | 4 802 662 | 6 443 874 | 6 572 671 | 6 312 296 | 7 043 093 | 7 299 597 | 256 504 | 3,5 % |
| Loar barnehage | 2 472 031 | 8 359 633 | 8 970 954 | 9 156 390 | 9 027 249 | 9 036 765 | 9 516 | 0,1 % |
| Miljø, teknisk og næring | 7 947 433 | 8 696 667 | 10 362 602 | 9 873 653 | 9 692 647 | 9 926 668 | 234 021 | 2,4 % |
| Utgard | 0 | 0 | 0 | -4 995 | 494 121 | 792 534 | 298 413 | 37,7 % |
| Helse- og velferd | 12 210 502 | 16 699 680 | 20 111 984 | 17 038 312 | 18 004 328 | 20 001 947 | -1 997 619 | -10,0 % |
| Institusjonsbasert omsorg | 26 018 121 | 28 306 560 | 27 842 531 | 29 561 041 | 30 619 863 | 28 634 398 | -1 985 465 | -6,9 % |
| Heimebasert omsorg | 19 729 683 | 21 431 975 | 21 142 896 | 21 706 529 | 23 694 162 | 24 681 832 | 987 670 | 4,0 % |
| Koordinerande eining | 0 | 0 | 3 542 072 | 3 365 587 | 3 789 381 | 3 654 180 | -135 201 | -3,7 % |

*) - tyder at det er positive avvik / + tyder at det er negative avvik

Driftsrekneskapen for Lom kommune

| | Notar | Rekneskap | Reg. budsjett | Oppr. budsjett | Rekneskap i fjor |
|---|-------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Driftsinntekter: | 9, 10, 24, 25 | | | | |
| Brukarbetaling | | 8 876 560 | 8 684 175 | 8 059 175 | 8 027 554 |
| Andre sals- og leigeinntekter | | 29 455 285 | 28 829 700 | 30 744 350 | 28 092 807 |
| Overføringer med krav til motyting | | 29 864 739 | 23 482 340 | 18 961 690 | 41 443 094 |
| Rametilskot | 32 | 83 794 006 | 85 499 000 | 85 800 000 | 82 395 370 |
| Andre statlege overføringer | | 10 134 717 | 6 885 862 | 6 885 862 | 8 814 922 |
| Andre overføringer | | 543 858 | 100 000 | 100 000 | 9 316 121 |
| Skatt på inntekt og formue | 32 | 43 317 330 | 44 203 000 | 44 331 000 | 42 503 681 |
| Eigedomsskatt | | 5 187 850 | 5 228 129 | 5 228 129 | 5 096 842 |
| Andre direkte og indirekte skattar | | 6 667 673 | 4 000 000 | 4 000 000 | 6 327 108 |
| Sum driftsinntekter | | 217 842 018 | 206 912 206 | 204 110 206 | 232 017 499 |
| Driftsutgifter: | 9, 10, 23, 24, 25 | | | | |
| Lønsutgifter | 20 | 126 904 330 | 123 771 324 | 122 112 995 | 124 604 155 |
| Sosiale utgifter | 3 | 27 080 740 | 27 679 529 | 25 683 535 | 25 735 057 |
| Kjøp av varer og tenester som går inn i tenesteprod. | | 30 751 439 | 28 960 549 | 27 216 828 | 33 147 849 |
| Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteprod. | | 21 710 939 | 18 714 269 | 18 247 369 | 20 660 156 |
| Overføringer | 8, 19 | 20 306 124 | 18 637 826 | 12 594 161 | 19 680 412 |
| Avskrivningar | 30 | 11 230 853 | 11 754 500 | 11 754 500 | 10 882 281 |
| Fordelte utgifter | | -6 693 971 | -2 137 135 | -260 669 | -6 340 863 |
| Sum driftsutgifter | | 231 290 454 | 227 380 862 | 217 348 719 | 228 369 048 |
| Brutto driftsresultat | | -13 448 436 | -20 468 656 | -13 238 513 | 3 648 451 |
| Finansinntekter: | | | | | |
| Renteinntekter, utbytte og eigaruttak | 24 | 11 140 949 | 11 677 000 | 11 377 000 | 13 376 388 |
| Gevinst på finansielle instrument | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottekne avdrag på utlån | | 109 867 | 80 000 | 70 000 | 102 227 |
| Sum eksterne finansinntekter | | 11 250 816 | 11 757 000 | 11 447 000 | 13 478 615 |
| Finansutgifter: | | | | | |
| Renteutgifter og l[neomkostningar | 13, 23, 24 | 4 941 376 | 5 490 000 | 5 490 000 | 4 741 262 |
| Tap på finansielle instrument | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag p[l[n | 13 | 6 350 817 | 6 161 000 | 6 161 000 | 8 837 746 |
| Utlån | | 29 527 | 60 000 | 70 000 | 95 810 |
| Sum eksterne finansutgifter | | 11 321 720 | 11 711 000 | 11 721 000 | 13 674 818 |
| Resultat eksterne finanstransaksjonar | | -70 903 | 46 000 | -274 000 | -196 204 |
| Motpost avskrivningar | | 11 230 853 | 11 754 500 | 11 754 500 | 10 882 281 |
| Netto driftsresultat | 22 | -2 288 486 | -8 668 156 | -1 758 013 | 14 334 528 |
| Interne finanstransaksjonar: | | | | | |
| Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk | | 57 298 | 57 298 | 0 | 2 184 201 |
| Bruk av disposisjonsfond | 6 | 7 081 942 | 8 378 102 | 2 921 097 | 2 827 587 |
| Bruk av bundne fond | 6 | 5 050 183 | 6 011 114 | 4 565 916 | 6 791 217 |
| Bruk av likviditetsreserve | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum bruk av avsettingar | | 12 189 424 | 14 446 514 | 7 487 013 | 11 803 004 |
| Overført til investeringsrekneskapen | 12 | 258 124 | 418 000 | 418 000 | 8 946 436 |
| Dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 6 | 103 298 | 103 298 | 46 000 | 2 102 593 |
| Avsettingar til bundne fond | 6 | 8 202 868 | 5 332 060 | 5 265 000 | 15 031 206 |
| Avsettingar til likviditetsreserven | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum avsettingar | | 8 564 291 | 5 853 358 | 5 729 000 | 26 080 235 |
| Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk | 15 | 1 336 647 | 0 | 0 | 57 298 |

Rekneskapsresultat

Inntekter

Driftsinntektene er kr 11 000 000 betre enn budsjettet.

Overføringar med krav til motyting


Avviket skuldast meir innbetalt frå staten, til prosjektet «Nasjonalparklandsbyar» med kr 2 mill. I tillegg er det kr 3 500 000 refundert frå sjukelønsordninga, noko som

må sjåast saman med lønsutgiftene. Det er og kr 900 000 i meirinntekt frå momsrefusjon.

Andre statlege overføringar

Meirinntekta her er i det vesentlege frå integreringstilskot av flyktningemottak.

| Driftsinntekter | Inntekt | Del av inntekt |
|---|-------------|----------------|
| Brukarbetalingar og andre salsinntekter | 38 331 846 | 18% |
| Overføringar | 40 543 314 | 19% |
| Eigedomsskatt | 5 187 850 | 2% |
| Andre direkte og indirekte skatter | 6 667 673 | 3% |
| Skatt på inntekt og formue | 43 317 330 | 20% |
| Rametilskot | 83 794 006 | 38% |
| Sum driftsinntekter | 217 842 018 | |



Kr 10 300 000 av brukarbetalingar og andre salsinntekter er inntekter frå konsesjonskraft.

Netto inntekt av konsesjonskraft er kr 5 000 000.

Utgifter og kostnader

Lønsutgiftene er kr 3 300 000 høgare enn budsjettet. Dette må ein sjå saman med refusjons av sjukeløn som er kr 3 500 000 høgare enn budsjett. Ut frå dette er det ikkje avvik på lønsutgiftene.



Auke i dei frie inntektene frå Staten var kr 2 485 000. Auke i løns- og pensjonskostnader frå 2013 til og med 2014 var på kr 3 646 000, kr 1 200 000 meir enn auke i overføringane frå Staten.

I driftsrekneskapan ligg og rekneskapan til prosjektet «Nasjonalparklandsbyar» med ei driftsutgift samla på kr 5 100 000, med tilsvarande inntekter. I dette prosjektet er det avsett til bundne fond, kr 2 000 000. Utover budsjettet i dette prosjektet, ligg det inntekter på kr 2 600 000. Tilsvarande på utgiftssida.

Posten «kjøp av varer og tenester» har eit samla avvik på kr 1 800 000. Dette er mange poster med både positivt og negativt avvik. Medisinsk forbruksmateriell, driftsmiddel, avifter/lisenser, anna forbruksmateriell og leasingutgifter er dei postane som har størst overforbruk. Porto/telefonutgifter og opplæring er dei største postane med eit mindreforbruk i forhold til justert budsjett.

Posten «Kjøp av tenester som erstattar tenesteproduksjonen» er i det vesentlege kjøp av tenester frå andre kommunar. Dei største avvika er utbetalingar til andre kommunar, tenester frå sjukehuset innlandet, Regiondata, veterinæravtalt og avsetning til bundne fond med kr 2 000 000 i nasjonalparklandsbyprosjektet.

I posten «Overføringar» er det disse postane som i det heile utgjør avvika: Meirverdiggavgift på kjøp av varer og tenester, legetenesta og veterinæravtalt.



Fordeling av kommunen sine utgifter

I forhold til 2013 er det ein reduksjon på kr 700 000 i driftsutgifter utanom løn og sosiale utgifter tilsvarande 0,9%. I forhold til budsjett for 2014, er avviket på kr 1 375 000, eit negativt avvik på 1,8%. Dette er eit lite avvik i forhold til storleiken på det totale budsjettet. Totalt resultat av finansposter er i samsvar med budsjettet.

Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat syner resultatet av drifta før finansposter. Brutto driftsresultat syner eit underskot på kr 13 448 000 mot budsjett kr 20 469 000. Driftsinntektene kan forklare mykje av det positive avviket i brutto driftsresultat. (Sjå punktet om inntekter).


Brutto driftsresultat er svekka i forhold til 2013, da dette var

positivt. Årsaken til det høge positive resultat i 2013 var stor momsrefusjon av investeringar, som det året vart ført om driftsrekneskapen. Dette er endra frå 2014, der dette blir ført direkte i investeringsrekneskapen, noko som er meir rekneskapsteknisk rett. Momskompensasjon på investeringar i 2013 var på kr. 8 693 000.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat syner kva som kan nyttast til avsettingar og bidrag til finansiering av investeringar etter at renter og avdrag er betalt. For å sikre ei forsvarleg formueforvaltning er det frå sentral styremakter tilrådd å ha eit netto driftsresultat som er minimum 1,75% av driftsinntektene. Dette måtalet må vurderast ut i frå kva som er dei lokale behov til investering og utviklingstiltak. For å halde eit stabilt godt investeringsnivå utan reell auke i gjeld, er det naudsynt at netto driftsresultat i % av driftsinntektene held seg på eit høgt nivå. For Lom bør dette talet vera minst 2%. Lom kommune har eit stort investeringsbehov. Ein bør halde eigenkapitalfinansiering på investeringar på ca. 40 %.

Netto driftsresultat for 2014 er negativt med kr 2 290 000 som er - 1,0 % av driftsinntektene. Om ein skulle oppnådd målsettinga om minimum 2% netto driftsresultat av driftsinntektene, skulle vi hatt eit resultat på kr 4 350 000. Med andre ord, så bør netto driftsresultat forberast med kr 6 650 000. I budsjettet for 2015, er det budsjettert med



positivt netto driftsresultat med kr 2 200 000. Det er arbeid med strategiske og strukturelle endringar i løpet av 2015, som og vil betre driftssituasjonen.

Figuren syner utvikling i netto driftsresultat. Frå 2014 er ikkje momskompensasjon ført som driftsinntekt.

Forslag til handlingsregel

For å sikre god økonomistyring blir det lagt fram forslag til ein økonomisk handlingsregel. Denne handlingsregelen vil sikre at ein oppnår eit netto driftsresultat som sikrar ei bærekraftig drift. For å sikre eit godt handlingsrom må ein

og ha ei målsetting for storleiken på disposisjonsfondet og lånegjeld. Modellen syner nødvendige tiltak for å nå målsettinga.

| Handlingsregel | 2014 | | Målsetting | | Avvik | |
|-----------------------------|-------------------|---------------|------------------|-----------|------------------|--------------|
| | Kroner | % | Kroner | % | Kroner | % |
| Driftsinntekter | 217 842 000 | - | - | - | - | - |
| Disposisjonsfond | 17 828 000 | 8,2 % | 21 784 200 | 10% | 3 956 200 | (Auke) |
| Lånegjeld | 203 318 000 | 93,3 % | 141 597 300 | 65% | 61 720 700 | (Reduksjon) |
| Netto driftsresultat | -2 288 000 | -1,1 % | 4 356 840 | 2% | 6 644 840 | 3,1 % |

Meir- eller mindreforbruk

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på kr 1 336 000. Samla omsetnad for kommunen var kr 217 800 000. Mindreforbruket syner eit avvik på 0,6%. Det er brukt netto ca.

kr 7 000 000 av disposisjonsfond. Av bundne fond er det avsett netto kr. 8 200 000. Det er overført kr 250 000 frå driftsmidlar til investeringsrekneskapen.

Konklusjon

For å betre driftsresultatet, må det gjerast strukturelle og strategiske grep. Driftsutgiftene må reduserast. Ut frå KOSTRA – tal får ein synleggjort potensialet i økonomien. Det er mindre lønsutgifter til administrasjon i Lom enn samanliknande kommunar. Potensialet ligg innanfor pleie-

og omsorg, kommunehelseteneste og skule.

Gjelda bør ikkje aukast før driftssituasjonen er endra til eit nivå der ein får eit driftsresultat som forsvarar eit auka rentenivå og vidare utvikling gjennom investeringar.

Investeringsrekneskap

| Investeringsprosjekt | Rekneskap 2014 | Buds(end) 2014 |
|---|-------------------|-------------------|
| Leasing bilar | 153 733 | 153 733 |
| Edb-utstyr/programvare | 167 810 | 335 800 |
| Etableringslån | 4 379 536 | 2 878 000 |
| PC - Lom ungdomsskule | 246 391 | 250 000 |
| Kjøp av aksjar og andelar | 547 981 | 506 128 |
| Mindreforbruk - investering | 623 316 | 0 |
| Va-leidning - sanering | 46 690 | 1 520 000 |
| Brann- og fjellredningsstasjon | 0 | 170 000 |
| Programvare leidnings- og kartverk | 48 830 | 1 520 000 |
| Garmo ra -rehab. | 25 163 | 3 549 000 |
| Leirmo ra -rehab | 243 214 | 3 853 000 |
| Opprusting hovedpumpestasjon | 76 757 | 1 014 000 |
| Trykkforsterker - Ulstad | 2 628 663 | 2 028 000 |
| Ledningskart - va | 219 581 | 150 000 |
| Lom vassverk- sprinkelkrav | 217 100 | 150 000 |
| Rehabilitering overvassanlegg Prestgardskogen | 216 770 | 221 809 |
| Utgard | 1 678 736 | 890 310 |
| Pensjonatet - el-anlegg | 62 469 | 137 500 |
| Presthaugen | 475 683 | 660 000 |
| Svømmebassenget - rehabilitering | 2 380 537 | 13 167 500 |
| Skiltplan - veg og gateadresser | 0 | 312 500 |
| Gangbru over Bøvra | 26 483 | 3 493 750 |
| Utleigebustader vanskelegstilte/flyktninger | 7 391 465 | 7 391 465 |
| Nytt helsesenter - detaljprosjekt | 215 718 | 815 000 |
| Nytt helsesenter | 0 | 3 984 900 |
| Ventilasjonsanlegg nytt helsesenter | 0 | 318 750 |
| Ambulansestasjon | 0 | 1 250 000 |
| Sum investering | 24 726 229 | 53 374 748 |

| Finansiering | Rekneskap 2014 | Buds(end) 2014 |
|--|-------------------|-------------------|
| Sal av tomter/grunn | 58 650 | 0 |
| Øyremerka tilskot | 2 792 000 | 2 792 000 |
| Kompensasjon mva | 647 317 | 4 546 839 |
| Refusjon tomteteknisk arbeid | 296 535 | 0 |
| Refusjon frå private | 1 800 000 | 610 000 |
| Overføring frå fylkeskommuna | 0 | 1 265 000 |
| Overføring frå Regionrådet- iks | 0 | 40 000 |
| Bruk av lån | 11 449 791 | 34 942 562 |
| Lån - etableringslån | 2 670 226 | 2 000 000 |
| Motteke ekstraordinære avdrag - husbanklån | 797 999 | 0 |
| Ordinære avdrag - Formidl. lån | 653 187 | 610 000 |
| Bruk av disposisjonsfond | 642 372 | 2 549 274 |
| Bruk av merka disposisjonsfond | 1 604 945 | 1 604 945 |
| Bruk av ubundne kapitalfond | 1 032 200 | 1 266 128 |
| Bruk av bundne driftsfond | 0 | 250 000 |
| Bruk av næringsfond | 22 883 | 630 000 |
| Overføring frå driftsrekneskapen | 258 124 | 268 000 |
| Totalt | 24 726 229 | 53 374 748 |

Balanse

| Eigendelar | Notar | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2013 |
|--|---------------|--------------------|--------------------|
| Anleggsmidlar | | 643 242 325 | 628 471 591 |
| Av dette: | | | |
| Faste eigedommar og anlegg | 11, 30 | 347 945 840 | 345 240 040 |
| Utstyr, maskinar og transportmiddel | 11, 30 | 3 433 389 | 3 358 528 |
| Utlån | | 50 406 042 | 49 503 832 |
| Konserninterne langsiktige fordringar | | 0 | 0 |
| Aksjar og andeler | 4, 5 | 0 | 9 790 303 |
| Pensjonsmidlar | 3 | 241 457 054 | 220 578 888 |
| Omløpsmidlar | 2 | 132 260 266 | 114 196 402 |
| Av dette: | | | |
| Kortsiktige fordringar | 21 | 22 203 603 | 32 743 543 |
| Konserninterne kortsiktige fordringar | | 0 | 0 |
| Premiavvik | | 6 157 496 | 2 507 689 |
| Aksjar og andeler | | 10 338 284 | 0 |
| Sertifikat | | 0 | 0 |
| Obligasjonar | | 0 | 0 |
| Dervat | | 0 | 0 |
| Kasse, postgiro, bankinnskot | 18 | 93 560 883 | 78 945 170 |
| Sum eigendelar | | 775 502 591 | 742 667 993 |
| Eigenkapital og gjeld | | | |
| Eigenkapital | | 230 677 279 | 233 724 943 |
| Av dette: | | | |
| Disposisjonsfond | 6, 26 | 17 827 920 | 27 043 881 |
| Bundne driftsfond | 6 | 42 138 352 | 39 008 550 |
| Ubundne investeringfond | 6 | 3 844 387 | 4 876 586 |
| Bundne investeringsfond | 6, 27, 28, 29 | 1 861 658 | 1 063 659 |
| Rekneskapsmessig mindreforbruk | | 1 336 647 | 57 298 |
| Rekneskapsmessig meirforbruk | | 0 | 0 |
| Udisponert i investeringsrekneskap | 15 | 623 316 | 0 |
| Udekka i investeringsrekneskap | 15 | 0 | -2 653 602 |
| Kapitalkonto | | 166 392 373 | 167 675 944 |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift | | -369 896 | -369 896 |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest | | -2 977 477 | -2 977 477 |
| Langsiktig gjeld | 14, 4 | 508 017 644 | 461 001 339 |
| Av dette: | | | |
| Pensjonsforpliktingar | 3 | 304 699 716 | 285 165 016 |
| Ihendehavarobligasjonslån | | 0 | 0 |
| Sertifikatlån | | 0 | 0 |
| Andre lån | 13, 14, 23 | 203 317 928 | 175 836 323 |
| Konsernintern langsiktig gjeld | | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 2 | 36 807 668 | 47 941 711 |
| Av dette: | | | |
| Kassakredittlån | | 0 | 0 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 36 807 668 | 47 941 711 |
| Derivat | | 0 | 0 |
| Konsernintern kortsiktig gjeld | | 0 | 0 |
| Premieavvik | | 0 | 0 |
| Sum eigenkapital og gjeld | | 775 502 591 | 742 667 993 |

Anleggsmidlar

Anleggsmidlar syner dei rekneskapsførde verdiar av eigedomar, driftsmidlar, pensjonsmidlar, utlån og aksjar med meir. Total bokført verdi av anleggsmidlar ved utgangen av 2014

var kr 653 600 000.

Anleggsmidlar har auka med kr 25 700 000 frå 2013 til 2014. Omlag kr 21 000 000 av denne auka skuldast

pensjonsmidlar. Den bokførde verdien av pensjonsmidlar er kr 220 600 000. Det er ei auke på kr 2 700 000 i faste eigedomar og driftsmidlar.

Omløpsmidlar

Omløpsmidlar er dei bokførde verdiane av kasse, bank, kortsiktige fordringar m.m., og er eit tal i vurdering av likviditeten.

Det er rekneskapsmessig endring i føring av aksjar frå anleggsmidlar til kortsiktig fordring. Dette er ei vesentleg

endring for lesing av rekneskapen. Det er viktig å ha med seg at dei aksjane som kommunen har, er aksjar med langsiktig føremål.

Omløpsmidlar har auka med kr 18 000 000 frå 2013 til 2014. Pr 31.12.13 var det lån som ikkje var

opptekne på det tidspunktet, og at ein dermed hadde nytta likvide midlar til finansiering av investeringar. Låna vart teke opp i 2014. Dette styrkar likviditeten. Bankinnskot har auka med kr 14 600 000.

Likviditet

Likviditeten til Lom kommune er god. Ser ein på kortsiktig gjeld (skal betalast innan 1 år) opp mot omløpsmiddel (kasse, bank, kundefordringar), så har vi i 2014 eit forholdstal = Omløpsmiddel dividert på kortsiktig gjeld på 3,6 mot 2,4 i 2013. Inn i denne oppstillinga må vi ha med at vi har eit stort beløp ubrukne lånemiddel, lån som er opptekne for planlagde og starta investeringsprosjekt og plasserte som bankinnskot.

Likviditetsgrad 1:

Omløpsmiddel/kortsiktig gjeld – bør vera over 2.

Arbeidskapitalutvikling – er ei anna oversikt over likviditetsutviklinga. Arbeidskapitalen er differansen mellom omløpsmiddel og kortsiktig gjeld, sett i prosent av driftsinntekter.

Både disse analysane syner ein god likviditet.

Gjeld

Kortsiktig gjeld




For Lom kommune består kortsiktig gjeld av gjeld til leverandørar, arbeidsgjevaravgift, skuldig meiverdigavgift m.m. Denne gjelda er redusert med ca. kr 11 000 000. Pr 31.12.2014 var denne gjelda på kr 36 800 000.

Langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld består av lånegjeld og pensjonsforpliktingar. Rekneskapsført langsiktig gjeld pr 31.12.2014 var kr 508 000 000 mot kr 461 000 000 ved utgangen av 2013. Dette er ei auke på kr 47 000 000.

Låneopptak blir gjort etter vedtak i kommunestyret. Innhenting av låna kan strekke seg utover året, sett noko i forhold til framdrift i investeringsprosjekt.

Pensjonsforpliktingane var bokført med kr 304 700 000, ei auke på kr 19 500 000 frå 2013. Lån til investeringar




Utvikling i lån til investeringar

var bokførde med kr 203 318 000, ei auke på kr 27 482 000. Etter budsjettvedtak for 2014, er eitt lån i Kommunalbanken refinansiert slik at avdragsbetaling pr. år er redusert med kr 2 450 000 noko som styrkar driftsbalansen pr. år med dette beløpet. Forlengta avdragstid medfører eit dyrare lån over tid i samla renteutbetalingar.

Eigenkapital

Eigenkapitalen syner kor mykje av kommunen sine egedelar som er finansiert med egne middel. Eigenkapitalen har nedgang dei siste åra. For mykje tiltak blir finansiert med langsiktig gjeld. Dette svekker den finansielle stillinga og handlingsrommet til kommunen. Dei siste åra har lite frå drifta vorte tilført eigenkapital/disposisjonsfond. Ved investeringar bør ein nytte ca. 40 % eigenkapital og dermed maksimalt ca. 60 % langsiktig gjeld.

Diagrammet til høgre syner utvikling av eige kapitalen.



Finansrapport

Føremålet med finansforvaltninga

Overordna mål

Finansforvaltninga har som overordna føremål å sikre stor grad av forutsigbarhet for Lom kommune sin finansielle stilling.

Finansforvaltning skal gje ei rimelig avkastning, utan å ta vesentleg finansiell risiko.

Delmål

Kommunen skal til kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har.

Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning. Dette skal gjerast innanfor definerte krav til likviditet og risiko.

Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg total kostnad. Vurdering av

dette skal skje innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det skal takast omsyn til at det er behov for å ha forutsigbare lånekostnader.

Forvaltning av eventuelle langsiktige finansielle aktiva, utanom middel berekna til å dekke daglege fordringar til driftsføremål, skal skje etter same overordna forsiktige prinsipp som for annan likviditet.


Ledig likviditet og midlar for driftsføremål

Kommunen sine midlar til driftsføremål (og ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).

Driftslikviditet til kommunen skal plasserast i kommunen sin hovudbank. I tillegg kan det gjerast innskot i andre spare- eller forretningsbankar.

Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har.

Kommunen sine likvider er plasserte i bankinnskot. Noko av likvidane er plasserte i rentebinding med tre månaders oppseingstid. Gjennomsnittleg innestående på denne avtala er kr 52 000 000. Likvider elles er plasserte til flytande rente, og er til ei kvar tid disponible midlar.



Likviditetsutvikling dei fem siste åra (tal i heile tusen kroner).

Gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler

Sum lånebehov for 2014 etter kommunestyret sitt budsjettvedtak var kr 30 002 500. I tillegg vart det vedteke å dekke mindreforbruk på investeringar gjennom eit låneopptak på kr 2.500.000. Nye lån i 2014 er på kr 34 590 000. I dette låneopptaket ligg eit forvaltningslån 2014 på kr 1 650 000, samt resten av lånevedtak frå 2013 på kr 12 600 000. Kr 20 340 000 er teke opp til finansiering av investeringar vedteke for budsjettåret. I forhold til budsjettvedtaket på kr 30 002 500 kan ein ta opp lån på kr 8 012 000 i tillegg. Dette blir sett opp mot investeringane og framdrift på disse.

Det er inngått avtaler om finansiell leasing, med utrekna noverdi/lånebeløp tilsvarande kr 153 700.

Etter budsjettvedtak for 2014 er eitt lån frå Kommunalbanken refinansiert slik at årleg avdrag er redusert med kr 2 450 000.

Ved utgangen av året hadde vi denne fordelinga mellom lån med flytande rente og fast rente:

- Fastrentelån: 44,0 %
- Flytande rente: 56,0 %

Finansreglementet seier at fordelinga på lånealternativa skal ha minimum 1/3 av låna skal vera lån til fastrente og minimum 1/3 av låna skal vera lån til flytande rente, medan 1/3 skal vurderast ut i frå marknadssituasjonen. Etter dette blir det vurdert til at fordeling av låna er innanfor reglementet sine krav.

Eitt av delmåla i finansreglementet:

“Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg total kostnad. Vurdering av dette skal skje innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det skal takast omsyn til at det er behov for å ha forutsigbare lånekostnader.”

Ved 1 % renteauke, vil våre utgifter pr. år auke med ca. kr. 1 140 000.

Lån til flytande rente er på kr 114 312 000. Ein del av lånegjelda, er lån til investeringar innan VAR – området. Her er renta sikra ved at rentekostnaden blir kalkulert inn i dei kommunale gebyra, etter reglar for fastsetting av gebyr. Forvaltningslån utgjer kr 23 000 000. Disse låna er i det meste lånt ut vidare, der ei eventuell renteauke er sikra ved auka renteinntekt frå utlån.

Kommunen sine langsiktige finansielle aktiva

Føremål

Forvaltning av Lom kommune sine langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikre ei langsiktig avkastning som kan vera med på å gje innbyggjarane i Lom eit godt tenestetilbod. Det skal styrast etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samtidig som ein forsøker å få ei rimeleg årleg bokført avkastning.

Dagens situasjon

Lom kommune har lån til AS Eidefoss, der kommunestyret tidlegare har vurdert at kommunen, saman med dei andre eigarkommunane kvar kan yte eit ansvarleg lån til selskapet med kr 30 mill.

I tillegg har Lom kommune aksjar og eigedelar i andre selskap som vist i oppstilling til høgre.

Aksjar og andre eigedelar er å sjå på som langsiktige og samfunnsmessige investeringar.

| Selskap | Balanseført verdi | |
|------------------------------------|-------------------|------------|
| | 31.12.2014 | 31.12.2013 |
| Gudbrandsdal Lufthamn AS | 127 500 | 127 500 |
| Eidefoss AS | 2 400 000 | 2 400 000 |
| Midtgard AS | 1 410 000 | 1 410 000 |
| Jotunheimen Reiselivslag AS | 11 000 | 11 000 |
| Skjolden Næringsbygg AS | 100 000 | 100 000 |
| Kommunekraft | 1 000 | 1 000 |
| Det Norske Teatret | 1 | 1 |
| Gudbrandsdal Industrier AS | 541 000 | 541 000 |
| Gudbrandsdalsmusea AS | 36 000 | 36 000 |
| KLP – eigenkapitalinnskott | 5 322 254 | 4 800 401 |
| Stiftelsen Norsk Kulturarv | 50 000 | 50 000 |
| Lom Tamreinlag ANS | 60 000 | 60 000 |
| NGR – Renovasjonsselskap | 88 400 | 88 400 |
| Kompetanse.Universitets-og forskn. | 26 128 | - |
| Klimapark-2469 | 165 000 | 165 000 |
| Sum | 10 338 283 | 9 790 302 |

Nøkkeltal

| Nøkkeltal pr. 31.12.2014 | 01.01.2014 – 31.12.2014 |
|--|-------------------------|
| Renteinntekter og aksjeutbytte | Kr 12 047 000 |
| Avkastning i % (bankinnskott, aksjekapital og utlån) | 9,4 % |
| Langsiktig gjeld utanom pensjonsforpliktingar | Kr 203 318 000 |
| Effektiv lånerente | 2,4 % |
| Aksjar og utlån | Kr 35 016 000 |

| Kostratal (kommunal og statleg rapportering) (sjå analyse på neste side) | Lom 2012 | Lom 2013 | Lom 2014 | Skjåk 2014 | Lesja 2014 | Kostra- | Opp- land 2014 | Landet utan Oslo 2014 |
|--|-------------|-------------|-------------|---------------|---------------|----------------------|----------------------|--------------------------------|
| | | | | | | gruppe 02 2014 | | |
| Folketal pr. 31.12.2014 i alt | 2 364 | 2 361 | 2 356 | 2 245 | 2 059 | .. | .. | .. |
| 1-5 år Prosent | 4,1 | 4,3 | 4,7 | 4,0 | 4,3 | 5,4 | 5,0 | 6,0 |
| 6-15 år Prosent | 11,3 | 11,3 | 11,3 | 11,4 | 12,9 | 12,0 | 11,4 | 12,4 |
| 16-18 år Prosent | 4,4 | 3,9 | 3,5 | 3,2 | 3,6 | 4,0 | 3,8 | 4,0 |
| 19-24 år Prosent | 7,7 | 7,5 | 7,8 | 6,6 | 7,1 | 7,3 | 7,8 | 7,9 |
| 25-66 år Prosent | 53,7 | 53,2 | 53,6 | 53,0 | 51,5 | 52,3 | 53,5 | 54,2 |
| 67-79 år Prosent | 11,6 | 12,2 | 12,0 | 14,4 | 12,9 | 12,1 | 12,0 | 10,1 |
| 80 år og over Prosent | 6,5 | 6,5 | 6,2 | 6,5 | 6,7 | 5,8 | 5,4 | 4,4 |
| Finansielle nøkkeltall | | | | | | | | |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 1,0 | 1,7 | -5,8 | 0,1 | -2,9 | 0,2 | -0,2 | 0,5 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 6,2 | 6,3 | -0,7 | 3,6 | 2,0 | 0,6 | 1,0 | 1,1 |
| Frie inntekter i kroner per innbyggjar | 51 837 | 53 818 | 54 881 | 55 617 | 62 392 | 55 597 | 49 281 | 48 554 |
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter | 190,3 | 198,7 | 233,2 | 221,5 | 221,1 | 214,3 | 199,7 | 209,1 |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av br. driftsinnt. | 36,9 | 31,8 | 41,3 | 50,7 | 12,6 | 7,8 | 21,6 | 14,9 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar | 41 539 | 53 421 | 56 062 | 11 092 | 50 897 | 57 144 | 43 613 | 49 613 |
| Prioritering | | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år, barnehagar | 127 227 | 120 683 | 117 991 | 150 500 | 177 295 | 127 271 | 127 582 | 128 570 |
| Netto dr.utg. til grunnskulesektor per innb. 6-15 år | 121 427 | 127 741 | 135 312 | 144 477 | 132 917 | 117 520 | 112 744 | 101 230 |
| Netto dr.utg. pr. innb. i kroner, kommunehelsetenesta | 4 578 | 4 577 | 4 376 | 4 614 | 3 263 | 3 111 | 2 664 | 2 308 |
| Netto dr.utg. pr. innb. i kroner i kroner, pleie- og omsorg | 22 737 | 23 038 | 24 741 | 25 127 | 21 910 | 20 143 | 19 293 | 16 433 |
| Netto dr.utg. pr. innb.20-66 år i kroner til sosialtenesta | 818 | 1 029 | 4 560 | 3 829 | 1 384 | 2 413 | 2 874 | 3 119 |
| Netto dr.utg. pr. innb. 0-17 år i kr., barnevernstenesta | 5 636 | 6 397 | 4 219 | 5 538 | 8 302 | 9 479 | 8 580 | 7 986 |
| Netto dr.utg. pr. innb. i kr. til administrasjon og styring | 5 228 | 5 596 | 6 806 | 6 400 | 8 198 | 6 227 | 4 563 | 4 220 |
| Dekningsgrad | | | | | | | | |
| barn 1-5 år med barnehageplass Prosent | 87,6 | 83,2 | 89,1 | 88,9 | 94,3 | 90,2 | 91,0 | 90,9 |
| elevar i grunnskulen som får spesialundervisning | 4,8 | 5,6 | 5,3 | 5,9 | 4,6 | 9,1 | 7,6 | 8,1 |
| innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på institusjon | 16,9 | 19,5 | 17,8 | 21,2 | 10,9 | 14,2 | 12,4 | 13,1 |
| Produktivitet/enhetskostnader | | | | | | | | |
| Korrigerte dr.utg. i kr. per barn i kommunal barnehage | 174 529 | 170 847 | 155 765 | 191 195 | 215 333 | 175 074 | 172 016 | 173 905 |
| Korrigerte br. dr.utg. i kroner til grunnskule, skulelokal og skuleskyss, per elev | 120 415 | 130 673 | 137 701 | 136 194 | 134 922 | 117 248 | 115 344 | 103 774 |
| Gjennomsnittleg gruppestorleik, 8.-10.årstrinn | 11,4 | 12,3 | 10,9 | 10,6 | 12,4 | 12,8 | 13,5 | 14,3 |
| Korr. dr.utg. pr. innb. i kr. pr. mottakar av heimetenester | 187 500 | 181 669 | 195 558 | 182 151 | 293 404 | 211 028 | 223 330 | 243 399 |
| Brutto driftsutgifter administrasjon | | | | | | | | |
| Brutto dr.utg adm. og styring, i % av tot. br. driftsutg. | 6,3 | 6,4 | 7,4 | 7,7 | 8,6 | 8,1 | 6,3 | 6,5 |
| Br. dr.utg. styring og kontroll, i % av tot. brutto driftsutg. | 1,3 | 1,5 | 1,3 | 1,5 | 1,6 | 1,1 | 1,3 | 0,6 |
| Br. dr.utg. administrasjon, i % av tot. brutto driftsutg. | 5,0 | 4,9 | 6,1 | 6,3 | 7,1 | 7,0 | 5,0 | 5,8 |
| Lønsutgifter | | | | | | | | |
| Løn administrasjon og styring i % av totale lønsutgifter | 6,6 | 6,3 | 7,5 | 9,4 | 10,3 | 8,3 | 6,6 | 6,9 |
| Løn, styring og kontroll i % av totale lønsutgifter | 1,3 | 1,4 | 1,2 | 1,6 | 1,6 | 1,1 | 0,7 | 0,6 |
| Løn administrasjon, i % av totale lønsutgifter | 5,3 | 4,9 | 6,3 | 7,7 | 8,7 | 7,2 | 5,9 | 6,2 |
| Lønsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb | | | 4 579 | 5 436 | 6 235 | | | |

Økonomisk handlingsrom

Tabellen under syner samla innsparingspotensiale / handlingsrom for Lom kommune innan dei største sektorane.

Tabellen til høgre talfører behov for innsparingar.

| Potensiale for innsparing | Frå | Til |
|---------------------------|------------------|-------------------|
| Skule | 0 | 1 900 000 |
| Pleie og omsorg | 6 700 000 | 10 000 000 |
| Kommunehelseteneste | 0 | 2 600 000 |
| Sum | 6 700 000 | 14 500 000 |

Samanlikningskommunar ar valde ut frå at kommunane er omtrent like store. I tillegg er det synlege forskjellar mellom kommunane, kostragruppa og fylket som gjer at ein får fram handlingsrommet i kommunen sin økonomi. Når ein les kostra-tala må ein ha med seg demografitala. Nemninga KOSTRA – gruppe, er kommunar som er samanliknbare.

Behov

Folketalet går ned og med det går også overføringane frå staten ned. Det er ei utfordring å redusere driftsnivået etter dette. Det er likevel naudsynt for å oppretthalde den gode økonomien som kommunen har hatt og har.

For gruppa barn 1 – 5 år har Lom ein litt større del av folketalet i denne gruppa enn Skjåk og Lesja, men lågare enn kostragruppa og gjennomsnitt Oppland m.fl. Gruppa 6 – 15 år er omtrent lik i prosent med Skjåk og gjennomsnitt Oppland, men mindre enn Lesja og kostragruppa.

Gruppene 67 – 79 år og gruppa over 80 år peikar seg ut i ei interessant retning. Del eldre er lågare i Lom enn både Skjåk og Lesja. Ein skil seg heller ikkje spesielt ut i høve kostragruppa eller gjennomsnitt Oppland. Vi har ein mindre del i gruppa 67 – 79 år enn Skjåk og Lesja, men litt større totalt sett i forhold til kostragruppe og gjennomsnitt Oppland. Dette skulle indikere at Lom skulle ha lågare utgifter til denne gruppa enn dei vi samanliknar oss med. Når vi går inn i tala, ser vi at det motsette er tilfelle.

Barnehage

Barnehageutgiftene i Lom er nede på eit godt nivå.

Skule

Utgiftene til skule har auka frå 2013 til 2014. Del elevar som får spesialundervisning har gått ned. Tal elevar i Ungdomskulen har gått ned med 18 frå 2011/2012 til 2014. I barneskulen har elevtalet vore stabilt sidan 2011. Klassestorleiken har gått ned frå 12,3 til 10,9 i gjennomsnitt. Det er på same nivå som Skjåk, men under Lesja. Gruppestorleiken i kostragruppa er 12,8 medan gjennomsnittet for Oppland er på 13,5. Samanlikna med Lesja, har Lom kommune eit potensiale på kr 740 000, medan ein vil kunne sjå eit potensiale på kr 5 400 000 om ein samanliknar med gjennomsnitt Oppland. Om ein ser inn i 2015, så har Lom gjort vedtak om nedlegging av Garmo skule, som vil kunne endre på utgiftsnivået. Reduksjon i årlege utgifter til skule som følge av nedlegging

| | |
|--|------------------|
| Netto driftsresultat 2014 | -2 300 000 |
| Mål på netto driftsresultat ved 2% av driftsinntekter | 4 340 000 |
| Naudsynt innsparing for å nå målsetting utan endring i lånerente | 6 640 000 |
| Innsparing ved endra skulestruktur | 3 500 000 |
| Eventuell auke i renteutgifter med 2% | 4 000 000 |
| Behov for innsparing ved endra lånerente | 7 140 000 |

av Garmo er rekna til ca. kr 3 500 000. Om ein samanliknar med gjennomsnitt Oppland, vil ein fortsatt ha eit potensiale på kr 1 900 000. Skulestrukturen har stor innverknad på utgiftsnivået innan skule i den enkelte kommune.

Pleie og omsorg

Innan pleie og omsorg er det eit stort innsparingspotensiale. Her er det nødvendig med eit strategisk grep for å rette opp driftsnivået til kommunen.

Netto driftsutgifter til pleie og omsorg totalt pr. innbygger i Lom er kr 24 741, medan Lesja har ei utgift på kr 21 910, kostragruppa kr 20 143 og gjennomsnitt for Oppland kr 19 293. Forskjellen mellom Lom og Lesja totalt er at Lesja driv kr 6 700 000 billigare enn Lom. Samanliknar vi med kostragruppa, er postensialet på kr 10 800 000. Kvifor driv Lesja og Oppland i gjennomsnitt billigare enn Lom? Del over 80 år som har institusjonsplass i Lom er 17,8%, medan den i Lesja er på 10,9% og gjennomsnitt Oppland er 12,4%. Korleis greier dei dette? Korrigererte netto driftsutgifter til heimetenesta i Lom pr. mottakar er kr 195 558, i Lesja er denne på kr 293 404, kostragruppa kr 211 028 og gjennomsnitt Oppland er kr 223 330. Dette greier dei ved å satse meir på heimebaserte tenester og har færre institusjonsplassar.

Ved å dreie tenestetilbodet over til heimebaserte tenester har Lom kommune eit innsparingspotensiale mellom 7 og 10 millionar kroner.

Administrasjon

Lom kommune brukar mindre på administrasjon enn samanliknbare kommunar. Ser ein på lønsutgifter til administrasjon brukar Lom kr 3 900 000 mindre enn Lesja og kr 2 000 000 mindre enn Skjåk målt etter talet på innbyggjarar i kvar kommune. Dette er kommuner som er omtrent like store i folketal, der ein får relevant samanlikning.

Om ein ser på prosentdel til løn på administrasjon av brutto driftsutgifter, brukar Lom 6,3%, Skjåk 7,7%, Lesja 8,7% og Kostragruppa 7,2%.

Lom kommune driv billigast, om ein gjer denne samanlikninga.

Lom har ein liten administrasjon der det, for å unngå tap i forskjellige delar av økonomien, er avgjerande å oppretthalde nivået. Blir ein færre enn i dag, vil det og kunne føre til eit unødig press på tilsette. (Sjå også tabell på s. 31.)

5. Oversikt frå tenesteområda

Støttefunksjonen

Oppgåver og ansvar

Støttefunksjonen skal yte service overfor dei andre resultatområda i kommunen. På denne måten får dei andre resultatområda hatt fokus på sine primæroppgåver. Støttefunksjonen har og oppgåver som er retta mot innbygarane i kommunen. Støttefunksjonen har ansvaret for disse oppgåvene:

- Arbeidsgjevarkontrollen (Samarbeidsorgan for Nord-Gudbrandsdalen som utfører bokettersyn av lønningsområde på arbeidsplassar i regionen) Lom kommune administrerer ordninga. Frå 1. april 2014 blir Vågå kommune, vertskommune for AKNG.

- Biblioteket
- Kulturoppgåver
- Informasjon
- IT/IKT
- Personalavdeling
- Økonomiavdeling
- Servicetorg
- Tilflytting - vertsskap

Mål og resultatstyring

Måloppnåing

Støttefunksjonen skal levere tenester med god service, vera løysningsorientert, halde fristar og tydeleggjera tenestene. Det skal vera mogleg å påverke lånetilbodet på biblioteket og få god informasjon om nye bøker.

Det skal setjast i verk eit system som gjev betre styring i forhold til leveringstid. Det skal samtidig arbeidast med forventningsstyring. Attendemelding om leveringstid er ei viktig side ved dette.

Definisjon og avklaring av bestilling vil vera viktig for å imøtekoma forventning om kvalitet og kompetanse i oppgåveutføring. Dette blir eit bidrag i å stå fram som løysningsorientert.

Gjennom eit bestillings- og styringssystem på intranettet, vil

dei oppgåvene som Støttefunksjonen tek på seg bli tydelege for organisasjonen.

Det skal arbeidast med gjennomgang av oppgåver og fordeling av disse. Både i medarbeidar- og brukarundersøkinga kjem det fram at det er liten tid til å utføre oppgåvene som skal utførast.

Det er pressa med tid på fleire etter at Støttefunksjonen har fått fleire oppgåver, samtidig som det på viktige område som økonomi er reduserte ressursar frå 2015.

Det vil bli arbeidd med samhandling med Utgard i sals- og informasjonsarbeid, for å avlaste tilsette i Utgard i ein til tider krevjande arbeidsmengde.

Målekart og kommentarar

| Fokus- område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg | Støttefunksjonen | | |
|-------------------------|--------------------------|--|--|------------------|-------------|----------------|
| | | | res 2014 | Res 2013 | Res 2014 | Mål 2014 |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Støttefunksjonen gjev god service ved kontakt | 4,7 | 5,1 | 4,7 | 4,8 |
| | | Støttefunksjonen er løysingsorientert | 4,5 | 4,9 | 4,4 | 4,7 |
| | | Støttefunksjonen held avtalde fristar | 4,4 | 4,6 | 4,2 | 4,6 |
| | | Støttefunksjonen tydeleg-gjer tenestene eg kan få | 4,4 | 4,7 | 4,4 | 4,7 |
| | Målt kvalitet | Restansar i sak/arkivsystemet | - | - | - | 15% |
| | | Andel saker handsama innan 14 dagar | - | - | - | 80% |
| | | Total score i kvalitet på heimesida | - | 75% | - | 85% |
| | | Besøkande på kommune-nettstaden pr. veke | - | 1 796 | 1 701 | 6 000 |
| Brukarar biblioteket | Målt kvalitet | Utlån pr. innbyggjar | | 1 i Oppland | | 1 i Oppland |
| | | Opplevd kvalitet | Kor flinke er dei tilsette til å hjelpe deg? | 5,9 | 6,0 | 5,9 |
| | | Er det mogleg å påverke lånetilbudet? | 5,4 | 4,7 | 5,4 | 5,2 |
| | | Korleis er informasjon om nye bøker? | 5,0 | 5,3 | 5,4 | 5,2 |
| Medarbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | 4,8 | 4,4 | 4,3 | 4,5 |
| | | Er du nøgd med standarden på arbeidslokala? | 4,0 | 4,5 | 4,0 | 5,0 |
| | | Løyer dykk felles arbeidsoppgåver på ein god måte | 4,8 | 5,0 | 4,9 | 5,1 |
| | | Har du høve til å arbeide sjølvstendig? | 5,2 | 5,6 | 5,0 | 5,1 |
| | Målt kvalitet | Sjukefråvær korttid | | 1,6 % | 1,0 % | 1,7 % |
| Sjukefråvær langtid | | | 1,6 % | 0,5 % | 2,0 % | |
| Læring og fornyng | Opplevd kvalitet | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet? | 4,7 | 4,9 | 5,0 | 5,1 |
| | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | 4,3 | 4,5 | 4,4 | 4,9 |

Nokre nøkkeltal

| | Lom 2012 | Lom 2013 | Lom 2014 | Skjåk 2014 | Lesja 2014 | Kostra- gruppe 02 2014 | Opp- land 2014 | Landet utan Oslo 2014 |
|--|-------------|-------------|-------------|---------------|---------------|---------------------------------|----------------------|--------------------------------|
| Folketal i alt pr. 31.12. | 2 364 | 2 361 | 2 356 | 2 245 | 2 059 | .. | .. | .. |
| <u>Prioritering</u> | | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innbyggjar (inkl. driftsutgifter til politisk nivå) | 5 228 | 5 596 | 6 806 | 6 400 | 8 198 | 6 227 | 4 563 | 4 220 |
| Lønnsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb | | | 4 579 | 5 436 | 6 235 | | | |
| Totale lønsutgifter til administrasjon | | | 10 788 124 | 12 203 820 | 12 837 865 | | | |
| Løn til administrasjon i % av totale lønsutgifter | 5,3 | 4,9 | 6,3 | 7,7 | 8,7 | 7,2 | 5,9 | 6,2 |

Utfordringar framover

- Utvikle informasjonsarbeidet, internt og eksternt.
- Utvikle kommunen sin bruk av sosiale media.
- Omdømebygging av kommunen og Lom kommune som arbeidsgjevar.
- Oppretthalde eit høgt nivå på tenester levert av biblioteket.
- Arbeidet med strategisk kompetansestyring ut frå vedteken plan og arbeidsgjevarstrategi.
- Slutføre implementering av elektronisk internkontroll og kvalitetsstyringssystem.
- Implementering av e-Handelssystem.
- Implementering av nytt reiserekningsystem.
- Kulturoppgåver tildelt Støttefunksjonen hausten 2013 svarer til ca. 35 % stilling. I tillegg blir det brukt mykje tid på bilettal, tilrettelegging og

samarbeid med Utgard. Talet på tilsette er det same og presset på dei tilsette er til tider stort.

- Større mengde oppgåver og reduksjon i ressursar medfører at det vil bli store utfordringar med å oppretthalde eit forsvarleg nivå på dei administrative oppgåverne. Dette kan medføre ein økonomisk risiko.
- Med mindre ressursar og auke i oppgåver, blir det færre å dele oppgåvene på.
- Maksimal arbeidsmengde og arbeidstid for tilsette i Støttefunksjonen er nådd.
- Det vil bli arbeidd med digitalisering og vurdering av oppgåver.
- Ordresystem, som skal redusere dobbeltarbeid med fakturering og gje betre internkontroll
- Nytt tidregistreringssystem som skal

ta bort arbeid med manuelle timelister. I tillegg vil ein kunne få eit meir fleksibelt og moderne system som kan nyttast til betre dokumentasjon av oppgåver.

- Eit web-basert system for eigenmeldingar, oppfølging av sjukefråvær og registrering av andre fråvær. Det vil ta bort arbeidet med manuell registrering av eigenmeldingar og permisjonssøknader spesielt.
- Arbeidsoppgåver vil bli gjennomgått med tanke på digitalisering som nemnt over, men og med vurdering av ein meir rasjonell utføring og fordeling av oppgåvene.
- Hovudmålet er betre kvalitet i levering av tenestene frå Støttefunksjonen gjennom meir rasjonelle prosessar og mindre press på tilsette.

Skule

Garmo skule, som er del av Garmo oppvekstsenter, vart lagt ned i 2014. Elevane ved oppvekstsenteret blir overført til Loar skule frå hausten 2015, medan barnehagen vil bestå.

Dermed er den siste grendeskulen borte, og kommunen sit att med ein barneskule og ein ungdomsskule.

Oppgåver og ansvar

Lom ungdomsskule

Skal ein nå måla i Kunnskapsløftet, må ein sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter i dei grunnleggjande ferdigheitene i skrivning, lesing og rekning. VI er no med på Mattelyst. Dette prosjektet er ferdig våren i 2016. Frå hausten 2016 skal skulen vere med i ei satsing på skrivning i regi av Ungdomsskolen i utvikling.

Vurdering for læring er eit viktig tiltak for å betre elevane sin motivasjon for læring slik at dei kan gjennomføre det 13

årige skuleløpet. Gjennom vurdering for læring vil elevane bli betre kjend med læringsmåla og få kunnskap om kva som krevst for å nå måla.

Etter-og vidareutdanning av det pedagogiske personalet er naudsynt skal ein nå måla i Kunnskapsløftet. Her er Kompetanse for kvalitet eit viktig virkemiddel. Det er viktig å ha ein oppdatert kompetanse plan slik at ein veit kva ein på satse på av etterutdanning.

Loar skule

For å nå måla i Kunnskapsløftet er viktig at det psykososiale miljøet er godt. Loar skule skal vere ein skule der elevane opplever tryggleik, inkludering, trivsel og omsorg. Læringa skal opplevast som meningsfylt og læringsmiljøet skal gje elevane ei kjensle av meistring og tru på seg sjølv. Vidare satsing på dei grunnleggjande dugleikane i Kunnskapsløftet er viktig for å oppnå måla våre.

Vidare lyt ein fokusere på etter- og vidareutdanning av det pedagogiske personalet, som må vere styrt av ein oppdatert

strategisk kompetanseplan, slik at ein til ei kvar tid ser framover og ser behova som vil oppstå.

Vurderingsarbeidet ved skulen må vidareutviklast og vidareføring må sikrast når nye lærarar kjem inn, vurdering for læring skal føre til auka læringsutbytte for elevane.

Skulen si oppgåve er også å sikre eit godt samarbeid mellom skule og heim. Vi ser av forskning at dette samarbeidet er viktig for elevane si læring og trivsel på skulen.

Lom musikk- og kulturskule

Hovudoppgåvene for Lom musikk- og kulturskule er å fremje eit rikare kulturliv i kommunen ved å gje tilbod om opplæring innafor dei aktivitetane som speglar interessene hjå elevane. For å mangfoldiggjera tilbodet, er ein heller ikkje framand for å freiste å skape interesse for aktivitetar som fram til nå ikkje har vore kjende/ populære blant barn og unge. Ein vil søkje å utvikle og forløyse kreativitetane hjå kvar einskild elev, samstundes som ein legg vekt på å fremje forståing

av, oppleving av og interessa for ulike kulturaktivitetar. Det å få Lom musikk- og kulturskule ut til folk er og ei viktig oppgåve. Utanom å spegle glede og hyggje, vil vi og på den måten stadfeste posisjonen vår i lokalmiljøet. Målet er vidare å skape eit positivt barne- og ungdomsmiljø ved at elevane får høve til å vere med på verdifulle aktivitetar i form av det kulturelle opplæringsstilbodet i musikk- og kulturskulen.

Mål og resultatstyring

Måloppnåing

Lom ungdomsskule

Det er viktig at skulen opprettheld den ressurstilgangen vi har no. Eit viktig mål er å dreie innsatsen frå enkeltvedtak om spesialundervisning og over til tilpassa undervisning. Det er svært viktig at elevar som ligg i gråsona mellom å ha spesialundervisning og ordinær undervisning, blir flytta over til å få tilpassa undervisning i klassen. Skal ein lykkast med å

få desse elevane gjennom ungdomsskulen med karakterar i alle fag og eit læringsutbytte som gjer dei i stand til å fullføre vidaregåande undervisning, må ein ha stor lærartettleik slik at det blir ei reell tilpassa undervisning. Spesialundervisninga ved ungdomsskulen har blitt sterkt redusert frå 2009. Mange av «gråsoneelevane» følgjer no ordinær undervisning.

På dei nasjonale prøvene i basisfaga har vi som målsetting å liggje godt over landsgjennomsnittet. Ved dei nasjonale prøvene i 9. klasse hausten 2014 oppnådde vi svært gode resultat i lesing og matematikk. Det var ingen elevar på nivå 1. Resultata på dei nasjonale prøvene i 8. klasse var dårlege. Her har vi ein jobb å gjere.

Eksamensresultata viser at elevane i Lom ligg på landsgjennomsnittet i norsk hovudmål medan resultata i engelsk og norsk sidemål var langt over landsgjennomsnittet. Det same var resultata ved munnleg eksamen.

9. klassingar i luftig svev under klassetur til Årdal.

Foto: Gunn K. Teigum.



Loar skule

På dei nasjonale prøvene i basisfaga hadde vi som målsetting å ha maks 10% av elevane på nivå 1. Denne målsettinga nådde vi ikkje i år i lesing og engelsk, her må vi fortsette det arbeidet vi er i gang med. Vi har fokus på lesekurs, vurdering for læring, etter- og vidareutdanning og kompetanseheving på andre måtar. I rekning ligg heile 48,1% av elevane på nivå 3. Dette er gode resultat som syner at satsinga i matematikk er riktig og viktig.

Loar skule har hatt mangel på digitale hjelpemiddel til både

elevar og lærarar. Dette skuleåret har vi fått skifta ut elevpcane til nyare og betre modellar. Vi har også fått på plass tre digitale tavler. Det er viktig å ha fokus på fornying og supplering også framover, for vi er enda ikkje i mål på dette området.

Ei viktig målsetting for Loar skule er at elevane skal trivast her. Dette er viktig for all læring. Vi ser, både av elevundersøkinga og eiga trivselsundersøking ved skulen, at elevane ved Loar skule har det bra.

Målekart og kommentarar

Lom ungdomsskule

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg | Lom ungdomsskule | | |
|--------------------|-----------------------|--|----------|------------------|----------|----------|
| | | | res 2014 | Res 2013 | Res 2014 | Mål 2014 |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Trivsel | | 4,1 | 4,0 | 4,4 |
| | | Støtte frå lærarane | | 4,3 | 4,2 | 4,2 |
| | | Læringskultur | | 3,7 | 3,9 | 4,0 |
| | | Mobbing på skulen | | 1,1 | 1,3 | 1,2 |
| | | Vurdering for læring | | 3,3 | 3,6 | 3,8 |
| | | Tilfreds med dialog heim-skule | | 4,2 | 4,3 | 4,3 |
| Målt kvalitet | | Gjennomsnitt grunnskulepoeng | | 41,3 | 40,5 | 39,0 |
| | | Resultat NP lesing 9. klasse nivå 1 og 2 av 5 nivå | | 20,8 % | 9,0 % | 10,0 % |
| | | Resultat NP regning 9. klasse nivå 1 og 2 av 5 nivå | | 8,3 % | 12,0 % | 16,0 % |
| Med-arbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | | 5,7 | 5,8 | 5,5 |
| | | Er du nøgd med standarden på arbeidslokala? | | 5,3 | 5,1 | 5,2 |
| | | I kva grad har du tid til å gjera jobben din? | | 4,1 | 3,5 | 4,2 |
| | | Sjukefråvær korttid | | 1,3 % | 1,7% | 3,0 % |
| | | Sjukefråvær langtid | | 2,1 % | 5,5% | 3,0 % |
| Læring og fornying | Opplevd kvalitet | Svarprosent medarbeidarundersøking | | 89% | 75% | 85% |
| | | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet? | | 5,5 | 5,2 | 5,2 |
| | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | | 5,2 | 5,0 | 5,0 |

Økonomi

Det har vore god økonomistyring med eit overskot på ca. 100.000 kroner på heile tenesteområdet. Det har vore gjort ei omdisponering av midla slik at ein har funne plass til innkjøp av datautstyr til nesten kr. 400.000. Det har blitt kjøpt inn nye PC-ar til lærarane og assistentane, 40 berbare PC-ar til elevane og 26 Ipad til elevbruk. Vaksenopplæringa har ca. 400.000 kr. større utgifter enn budsjettet medan inntektene er 200.00 høgare enn budsjettet. Det er vanskeleg å budsjettere utgifter/inntekter for vaksenopplæringa. Det avhenger av kor mange flyktningar som blir busette i kommunen. Då vi slit med å skaffe språkarbeidsplassar, får vi store utgifter til undervisning.

Brukarar

Elevundersøkinga i 10. klasse er obligatorisk. Svarprosenten var i 2014 på 92%. Blant anna svarer elevane på spørsmål om trivsel, støtte frå lærarane, vurdering for læring, læringskultur og mobbing. På neste alle indikatorane låg vi over dei nasjonale resultatane. Skulen har hatt gode resultat gjennom mange år med omsyn til mobbing. I år hadde vi same resultat som Oppland fylke medan vi låg så vidt under landsgjennomsnittet. Det er vi ikkje nøgde med. Vi bør vere over landsgjennomsnittet.

Foreldreundersøkinga er ikkje obligatorisk. Svarprosenten for dei føresete i 10. klasse var på 59%. Det er ein høgare svarprosent enn vi har hatt tidlegare. Foreldra er jamt over

tilfredse med undervisningstilbod og informasjon dei får frå skulen.

Medarbeidarar

Svarprosenten var 75. Det er bra samanlikna med andre tenesteområde sjølv om målet vårt var 85%. Undersøkinga viser at dei tilsette er tilfredse med å arbeide på ungdomsskulen. Resultata er langt over landsgjennomsnittet. Det einaste negative som kjem fram er at dei tykkjer dei ikkje har god nok tid til å gjere jobben sin. Dette er ikkje så lett å få gjort noko ved anna enn å sjå på om det er oppgåver ein kan ta litt lettare på.

Læring og fornying

Det er ei sterk statleg satsing på å auke kompetansen til lærarane. I 6K er alle skulane med på prosjektet Mattelyst. Denne satsinga vil føre til eit kompetanseløft for alle som underviser i faget.

Kompetanse for kvalitet er ei svært god ordning for å få lærarar til å ta vidareutdanning. Vi har i dette skuleåret ein lærar som tek 30 stp. i engelsk. Dermed har vi tre engelsklærarar med 60 stp. i dette faget. Til neste skuleår har ein lærar søkt på å kome inn på studiet Leseopplæring i alle fag på ungdomsskulen. Vi har frå før ein lesereettleiar på skulen, men vi har behov for fleire som kan ta seg av elevar som har behov for å bli betre i lesing.

Loar skule

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg | Loar skule | | |
|------------------------------------|---|--|----------|------------|----------|----------|
| | | | res 2014 | Res 2014 | Res 2014 | Mål 2014 |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Trivsel | | 4,1 | 4,5 | 4,5 |
| | | Mobbing på skulen | | 1,2 | 1,1 | 1,2 |
| | | Vurdering for læring | | 4,1 | 4,0 | 4,0 |
| | | Tilfreds med dialog heim skule | | 4,1 | 4,5 | 4,5 |
| | | Nasjonale prøver 5. steg lesing | | 21% | 26% | 10% |
| | Målt kvalitet | Nasjonale prøver 5. steg rekning | | 29% | 11% | 10% |
| | | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | | 5,4 | 3,4 | 4,5 |
| Medarbeidarar | Opplevd kvalitet | Er du nøgd med standarden på arbeidslokala? | | 3,2 | 3,0 | 3,5 |
| | | Løyer de felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte? | | 4,9 | 4,0 | 4,7 |
| | | Har du høve til å arbeide sjølvstendig? | | 4,9 | 4,7 | 5,0 |
| | | I kva grad har du tid til å gjera jobben din? | | 3,3 | 3,0 | 4,0 |
| | Målt kvalitet | Sjukefråvær korttid | | 1,9 % | 2,9 % | 0,5 % |
| | | Sjukefråvær langtid | | 4,0 % | 4,3 % | 3,0 % |
| Svarprosent medarbeidarundersøking | | | 76% | 53% | 100% | |
| | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet? | | 5,1 | 4,9 | 5,0 | |
| Læring og fornying | Opplevd kvalitet | I kva grad legg arbeidsgevar til rette for kompetanseutvikling? | | 4,5 | 3,8 | 5,0 |

Økonomi

Loar skule hadde eit meirforbruk på om lag 500 000 i 2014. Hausten 2014 kom det fleire elevar til skulen, noko som første til klassesdeling og behov for ei ekstra 100% stilling ved skulen. I tillegg har vi i år fleire framandspråklege elevar ved skulen som utløyser meir ressursar.

I Garmo hadde vi eit mindreforbruk på ca 250 000,-

Brukarar

Elevundersøkinga i 7.klasse er obligatorisk, i tillegg har vi bestemt at 5.klasse også skal vere med på denne. Svarprosenten i 2014 var på ca 90%. Elevane svarar mellom anna på spørsmål om trivsel, mobbing, vurdering for læring og støtte frå lærarane. Skulen har også i år gode resultat, og ligg over, eller på landsnittet på alle områder i undersøkinga. Foreldreundersøkinga er ikkje obligatorisk og svarprosenten her var berre på 34.5%. Trass i altfor låg svarprosent er dei foreldra som har svart nøgde med både trivselen til elevane sine og skulen elles.

I brukarundersøkinga for SFO var svarprosenten på 43%. Undersøkinga viser at brukarane er nøgde med tilbodet og vi ligg over eller på landssnitt på alle indikatorane bortsett frå tilgjenge. Dette heng nok saman med at det er for få

påmeldte til å opprette noko tilbod på elevfrie dagar. Vi har også ynskje om betre resultat på spørsmålet om variert aktivitet med friluftsliv ute. Dette lyt vi sjå på ved planlegging av nytt SFO år.

Medarbeidarar

Svarprosenten på medarbeidarundersøkinga var svært lav i år, berre 53% har svart. Resultata i år ligg under resultata i fjor, og noko av det som merkar seg ut er at dei tilsette melder attende om for dårleg tid til å gjere jobben sin og dei fysiske arbeidstilhøva ved skulen. Her er vi i gang med eit arbeid for neste skuleår der vi vel ut område vi vil prioritere neste år, og om vi kan kutte ut noko for å frigjere meir tid til dei tilsette.

Læring og fornying

Kompetanse for kvalitet er ei veldig god ordning for å vidareutdanne lærarar. I år søkte fire lærarar frå Loar om studieplass gjennom ordninga og vi håpar vi får med alle fire. Det vil bety auka kompetanse i fleire fag skulen har behov for, t.d. engelsk.

Alle skulane i 6K er med på prosjektet Mattelyst, denne satsinga vil føre til eit kompetanseløft for alle lærarane med fokus på rekning i alle fag.

Kommentarar til nokre nøkkeltalLom ungdomsskule

Elevtalet har heldt seg svært stabilt sidan 2011. Det same har talet på lærarar og assistentar.

Ser ein på lærartettleiken så har den hatt ei auke sidan 2009 med litt under eit årsverk. Vi har i same perioden redusert talet på spesialundervisning og hatt som mål at så mange som mogleg skal gå ut av ungdomsskulen med fullverdig vitnemål og dermed høve til å fullføre vidaregåande skule med fagbrev. For å få til dette så bruker vi mange delingstimar for å få til tilpassa undervisning for ulike typar elevar.

Større lærartettleik har og si årsak i at vi har innført arbeidslivsfag og valfag. Her har vi ein del små grupper som sjølvsagt medfører større forbruk av lærarar.



*Kvilepause for
9.-klassingar på klassetur.
Foto: Gunn K. Teigum.*

Nøkkeltal Loar skule

| | 2010-11 | 2011-12 | 2012-13 | 2013-14 | 2014-15 |
|---|---------|---------|---------|---------|---------|
| Talet på elevar | 171 | 166 | 164 | 157 | 153 |
| Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon | 12 | 13 | 14 | 12 | 12 |
| Talet på lærarar | 19 | 22 | 17 | 18 | 20 |

Utfordringar framover

Lom ungdomsskule

- Leggje til rette for tilpassa opplæring. For å få til dette er det viktig med delingstimar.
- Fremje ein vurderingskultur ved skulane, der m.a. lærarane ved under-vegsvurdering av elevane informerer dei om deira faglege ståstad i høve til kompetansemåla i faget.
- Gjennom m.a. vurderingsarbeidet få elevane i større grad til å ta del i utviklinga av læringsmiljøet.
- Utvikle bruken av IKT i skulane gjennom m.a. læringsplattformen It's learning slik at skulane kan bli mellom dei fremste i landet i bruk av elektroniske læringsverktøy. Bruk av databaserte opplæringsprogram.
- Gjennom rekruttering og etter- og vidareutdanning gjera skulane i stand til å nå måla i Kunnskapsløftet.
- Sikre nok ressursar til skulen for å følge opp krav frå elevar, foreldre og storsamfunn. Her er delingstimar det viktigaste tiltaket.
- Ein del elevar slit med å få gjort lekser og derfor tilbyr skulen leksehjelp etter skuletid.
- Mange elevar slit med matematikk. Gjennom satsinga i 6K- Mattelyst vonar vi at lærarane skal få auka kompetanse til å konkretisere matematikkundervisninga.
- Det blir og viktig at ein legg vekt på grunnleggjande ferdigheit i rekning i alle fag.



Mat må man ha, også på klassetur. Foto: Gunn K. Teigum.

- Lom har lite fråfall i den vidaregåande skulen. Skal ein halde fram med dette, så må så mange elevar som mogleg fullføre ungdomsskulen med karakter i alle fag. Dette er ressurskrevjande då dette krev stor grad av tilpassing som gjer at ein må ein ha stor lærartettleik.
- Skulen har nokre framandspråklege elevar. Viktig at desse lærar så mykje norsk at dei kan gå vidare i skulesystemet. Det er og vanskeleg å få integrert jentene.
- Mange elevar slit sosialt og psykisk. Det er eit stort behov for ein sosiallærer. Ein slik lærar kan vere felles for skulane og barnehagane.

Loar skule

- Rekruttere og etter – og vidareutdanne lærarar slik at vi når måla i Kunnskapsløftet.
- Sørge for å inkludere rekning i alle fag
- Å få på plass nok digitalt utstyr, samt kompetanse, slik at elevane har høve til å nå måla i digitale ferdigheiter. Her er vi i gang og har fått på plass nye elevpc-ar og nokre digitale tavler.
- Vidareutvikle uteskulen
- Implementere leseplanen
- Redusere talet på spesialundervisning og leggje til rette for tilpassa opplæring for alle, for å nå dette målet er det avgjerande med delingstimar.

- Arealet til lagring av utstyr, samt arbeidsplassar til alle tilsette er ei utfordring.
- Tilby leksehjelp der det er størst behov, i storskulen
- Å integrere dei framandspråklege elevane, samt gje dei eit godt nok grunnlag for å kunne fullføre skulen på vanleg måte.
- Å greie å tilby elevane nok svømmeundervisning, slik at dei får høve til å nå måla i Kunnskapsløftet.
- Utvikle gode lokale læreplanar ved skulen.

Lom musikk- og kulturskule

- Ta vare på og vidareutvikle kvalitetane i Lom musikk- og kulturskule.
- Arbeide for å få til meir samspel, samarbeid på tvers av tilboda.
- Auke ressurstilgangen slik at vi kan få til tilbod for fleire yngre brukargrupper, og kan opprette fleire tilbod.
- Legge til rette for kurs og kompetanseheving for dei tilsette.
- Vidareutvikle det faglige samarbeidet med andre kulturskular.
- Samordne stillingar med andre kulturskular/ Vinstra vgs. For å få kvalifiserte folk til å undervise.
- Legge til rette for arbeid med ny rammeplan for kulturskulen.
- Arbeide for å få ei samlande virksomhet. Få betre tilgang til rom slik at fleire lærarar kan undervise parallelt på ungdomsskulen. Dette for å få eit betre miljø og gjere det lettare å få til samspel etc.

Barnehage

Skulen i Garmo er lagt ned frå hausten 2015. Dermed er grunnlaget for oppvekstsenter borte, men det vil framleis vere barnehage i bygget.

Garmo barnehage vil bli lagt under tenesteleiar for Loar barnehage, men med eigen styrar.

Oppgåver og ansvar

Barnehagen sitt samfunnsmandat

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.»

Barnehagen sitt verdigrunnlag

«Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og natur, åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som

kommer til uttrykk i ulike livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.»
Barnehageloven § 1.

I tillegg skal barnehagen følge dei retningslinjer som Rammeplan for barnehagen gjev.

Mål og resultatstyring


Måloppnåing

Det har vore auka fokus på kvalitet i innhaldet i barnehagen dei siste åra, frå sentralt hald, regionalt og lokalt. Både barn sin trivsel og læring i barnehagen har vore viktige tema.

I høve trivsel har det for fyrste gong vore gjennomført systematiske barnesamtaler med alle 4 – og 5 åringane for å få vite meir om korleis barna sjølve opplev barnehagekvardagen. Her har vennskap med andre barn vore det viktigaste. Alle som vart intervjuja fortalde at dei hadde ein eller fleire venner i barnehagen, og alle vart nemnd av andre som nokon dei likte å leike med. Dette er viktige mål. Slike intervju vil bli gjort årleg i barnehagane framover.

Talet på heilt små barn i barnehagen har auka mykje siste tida. Å leggje til rette for desse krev mykje av personalet. Tilknytning, tryggleik og omsorg er viktige stikkord. Barnehagane i Lom og Skjåk har i haust hatt eit samarbeid med Familievernkontoret på Otta kring mykje av dette. Brukarundersøkingar viser at foreldra har vore spesielt tilfredse med småbarnsavdelingane i barnehagane. Små og stabile grupper med nok og kompetent personale er den viktigaste grunnen til dette.

I høve læring har det vore satsa spesielt på matematikk dei siste åra. Personalet har hatt kompetanseheving på dette fagområdet frå Matematikksenteret over to år. Barnehagane har hatt fokusområder med matematikk knytt til tekst, uteaktiviteter og kunst dei tre siste åra. Vi erfarer at langsiktig arbeid med tema gjev resultat, noko foreldre også melder attende både i foreldresamtaler og brukarundersøking.



Ungane ved Loar barnehage har vedteke eiga grunnlov som vart overlevert til ordføraren 18. mars 2014.

Målekart og kommentarar

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg | Barnehage | | |
|--------------------|-----------------------|---|---------------------|-----------|----------|----------|
| | | | res 2014 | Res 2014 | Res 2014 | Mål 2014 |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Tilfreds med tilgjenge | | 5,6 | 5,5 | 5,7 |
| | | Foreldra sine moglegheiter for medverknad over barnehagetilbodet | | 4,9 | 5,1 | 4,6 |
| | | Respektfull behandling av barnet | | 5,6 | 5,6 | 5,6 |
| | | Barnehagens bidrag til språkutviklinga | | 5,3 | 5,2 | 5,3 |
| | | Andel 4 - og 5 åringar som seier at dei har ein ven i barnehagen | | | | 100% |
| | Målt kvalitet | Talet på barn på venteliste | | 0 | 0 | 0 |
| Med-arbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | | 4,9 | 4,8 | 4,8 |
| | | Er du nøgd med standarden på arbeidslokala? | | 4,1 | 4,4 | 4,3 |
| | | Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte? | | 4,6 | 4,5 | 4,9 |
| | | Har du høve til å arbeide sjølvstendig? | | 4,9 | 5,1 | 5,0 |
| | | Samarbeid/trivsel med kolleger | | 4,8 | 4,8 | 5,0 |
| | | Stoltheit over eigen arbeidsplass | | 5,1 | 5,1 | 4,9 |
| | | Målt kvalitet | Sjukefråvær korttid | | 3,1 % | 4,6 % |
| | Sjukefråvær langtid | | 2,2 % | 6,2 % | | |
| | | Svarprosent medarbeidarundersøking | | 75% | 68% | 100% |
| Læring og fornying | Opplevd kvalitet | Fagleg og personleg utvikling | | 4,8 | 4,9 | 4,6 |
| | | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet? | | 4,8 | 4,9 | 4,7 |
| | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | | 4,9 | 4,9 | 4,6 |

Økonomi

Det er ingen store avvik. Erfarar at budsjettarbeid er utfordrande på grunn av at nytt barnehageår kjem midt i budsjettåret, og tal på barn har variert mykje frå år til år. Innsøking til nytt barnehageår kjem etter at budsjettet er lagt.

Brukarar

Resultat på brukarundersøking (foreldre) er tilfredsstillande; over landssnitt og på same nivå som året tidlegare. Vi er spesielt glade for at resultat for informasjon har gått opp. På dette området var det nedgang året før, og vi har gjennomført tiltak mellom anna ny intern heimeside.

Svarprosenten er 52, noko vi ikkje er tilfreds med.

På barneintervju gjennomført med alle 4 – og 5 åringar, meldte barna attende at dei trives i barnehagen.

Medarbeidarar

Svarprosenten på medarbeidarundersøkinga er 68. Det er for lågt. Resultatet er tilfredsstillande, over landssnitt og betre enn året før. Spesielt stoltheit over eigen arbeidsplass er bra, noko som sikkert kan sjåast i samanheng med gode resultat på brukarundersøking over tid.

Områda næraste leiar og samarbeid og trivsel med kollegaene er under landssnitt, og må arbeidast meir med.

Læring og fornying

Gode resultat på medarbeiderundersøkinga på dette området. Studie i regi av Fylkesmannen og Høgskulen på Lillehammer og kompetansehevinga i samarbeidet med Matematikksenteret og Familievernkontoret på Otta har vore positivt. Nesten alle tilsette i barnehagane var på Østlandsk lærarstevne i haust, og kunne velje kurs etter eige ynskje og behov.



Nøkkeltal

| Loar barnehage | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
|------------------------------------|------|-------|------|------|------|
| Talet på avdelingar | 5 | 5 | 5 | 5 | 5 |
| Talet på årsverk, pedagogar | 6,2 | 5,8 | 6 | 6 | 6,6 |
| Talet på årsverk, fagarbeidarar | 8,2 | 8,8 | 12,4 | 8,6 | 7,4 |
| Talet på årsverk, ufaglærte | 0,8 | 0,8 | | | 0,8 |
| Talet på årsverk, spesialpedagogar | 0,5 | 0,75 | 0,6 | 0,6 | |
| Sum talet på årsverk | 15,7 | 16,15 | 19 | 15,2 | 14,8 |
| Talet på barn under 3 år | 16 | 17 | 22 | 16 | 24 |
| Talet på barn over 3 år | 51 | 47 | 40 | 45 | 48 |
| Sum talet på barn | 67 | 64 | 62 | 61 | 72 |

| Garmo barnehage | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
|---------------------------------|------|------|------|------|------|
| Talet på avdelingar | 1 | 1 | 1 | 1 | 2,6 |
| Talet på årsverk, pedagogar | 1,1 | 1,1 | 1,3 | 1,3 | 2 |
| Talet på årsverk, fagarbeidarar | 2,1 | 2,8 | 2,5 | 2,5 | 3,8 |
| Talet på årsverk, ufaglærte | 0,7 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum talet på årsverk | 3,9 | 3,9 | 3,8 | 3,8 | 8,4 |
| Talet på barn under 3 år | 4 | 4 | 5 | 5 | 11 |
| Talet på barn over 3 år | 14 | 12 | 10 | 10 | 15 |
| Sum talet på barn | 18 | 16 | 15 | 16 | 26 |

Frå barnehageåret 2014-2015 var det ikkje tilbod i Odda barnehage, og tilbodet i Garmo barnehage vart utvida.

Det vart da to avdelingar i Garmo; ei småbarnsavdeling og ei avdeling for

barn over 3 år. Barn i Bøverdalen (i alt 6 stk) fekk plass på Loar.

Det har det siste året vore ei stor auke av eitt-åringar i barnehagen noko som ser ut til å fortsetje. Små barn krev

meir personalressursar enn barn over 3 år. Barnehagane i Lom har hatt god vaksenttleik samanlikna med andre kommunar, men den har vorte lågare det siste året.

Utfordringar framover

- Store variasjonar i barnetal og etterspurnad etter plassar, gjer det utfordrande å planleggje organisering av barnehagetilbodet i kommunen.
- Fordele barnehageplassane i Lom.

Stor søking av småbarn, gjer at fleire ikkje får plass kor dei helst ynskjer.

- Leggje til rette for stadig fleire småbarn. Det er ikkje plass til alle på småbarnsavdelingane, noko som

skaper utfordringar spesielt med plass til stell og soving.

- Møte stadig auka krav om læring, og på same tid ivareta leiken og barn sin trivsel.

Miljø, teknisk, næring

Oppgåver og ansvar

Tenesteområdet har ansvar for planarbeid, miljø- og naturforvaltning, næringsutvikling, landbruksforvaltning, tekniske tenester innan veg, vatn, avlaup og renovasjon, vaktmeisterteneste, reinhald, byggesakshandsaming, kart- og

geodataforvaltning, generell beredskap og førebygging mot naturskade og ulykker. I 2014 har det i tillegg vore arbeid med prosjekta «Inn på tunet» og Lom nasjonalparklandsby gjennom «Naturarven som verdiskapar».

Mål og resultatstyring

Måloppnåing

Tenesteområdet Miljø, teknisk, næring er prega av eit godt tverrfagleg samarbeid. Dei ulike fagområda og tenestene innanfor området har til saman ei fagleg breidde som gjer det mogleg å oppfylle målsettingane om eit godt tenestetilbod knytt til ressursforvaltning i ein liten kommune.

Brukarundersøkingane har gjennom ei årrekke stadfesta god kvalitet på byggesaksbehandling, kommunaltekniske tenester, vaktmeistertenester og reinhald.

Dei seinare åra har vore prega av utfordringar innan rekruttering og bemanning i enkelte stillingar. Samanlikna med 2014 legg budsjettet for 2015 opp til ei styrking av ressursar og kompetanse for gjennomføring av planarbeid og for leing av tenesteområdet.

I 2. halvår 2014 fekk tenesteområdet eit etterlengta løft i fysisk arbeidsmiljø da medarbeidarane flytte inn i kontorlokale i 3. etasje på Midtgard som tidlegare har vore nytta av NAV.

Arbeidet for ei berekraftig arealforvaltning og framtidsretta stadutvikling er godt forankra i kommuneadministrasjonen, i bygdesamfunnet og på tvers av partigrenser i det politiske miljøet. Det er likevel ei stor utfordring for kommunen å sikre og legge til rette tilstrekkeleg areal for ny utbygging, både for næringsutvikling og for bustadbygging. Nasjonal skredfarekartlegging viser at store deler av busetnaden i Lom kommune ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred, jord- og flomskred. Dette set store krav både til dokumentasjon av tryggleik mot skred frå den enkelte søkjar og tiltakshavar, og til kommunen si saksbehandling i byggesaker.

Økonomiske rammer til tilfredsstillande drift- og vedlikehald av den kommunale bygningsmassen og kommunale vegar har vore, og vil også i framtida bli, ei stadig tilbakevendande utfordring. Handlingsprogram for oppgradering av kommunale vatn- og avløpsanlegg må gjennomførast for å oppretthalde forsyningsikkerhet og kvalitet på tenestene.

Målekart og kommentarar

| Fokus-område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg | Miljø, teknisk, næring | | |
|--------------------|--------------------------|---|----------|------------------------|----------|----------|
| | | | res 2014 | Res 2013 | Res 2014 | Mål 2014 |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Resultat for brukarane, byggjesak | | 4,8 | 5,0 | 5,0 |
| | | Generell oppleving av kvalitet, byggjesak | | 4,9 | 5,0 | 5,0 |
| | | Resultat for brukarane, vasskvalitetet og vasstrykk | | 5,5 | 5,5 | 5,0 |
| | | Resultat for brukarane, funksjon på avlaupssystemet | | 5,2 | 5,3 | 5,0 |
| | | Resultat for brukarane, vatn og avlaup, tillit og respekt | | 5,3 | 5,5 | 5,0 |
| | | Resultat for brukarane, vatn og avlaup, service og tilgjenge | | 5,0 | 4,9 | 5,0 |
| | | Resultat for brukarane, vatn og avlaup, informasjon | | 5,0 | 4,9 | 5,0 |
| | | Renhaldstenesta leverer tjenester av god kvalitet | | | 4,7 | 5,0 |
| | | Renhaldstenesta tydeleggjer kva for tenester eg kan få | | | 5,0 | |
| Brukarar | Opplevd kvalitet | Vaktmestertenesta leverer tenester av god kvalitet | | 5,0 | 4,9 | 5,0 |
| | | Vaktmestertenesta tydeleggjer kva for tenester eg kan få | | | 5,0 | 5,0 |
| | Målt kvalitet | Andel vassprøver som tilfredsstiller krav i forskrift | | 100% | 100% | 100% |
| | | Andel avlaupsprøver som tilfredsstiller krav i forskrift | | 100% | 99% | 100% |
| | Avklaring av forventning | Andel tenestestader med serviceerklæring | | 15% | 15% | 50% |
| Ressursstyring | Prioritering | Sjølvkostrekneskap vatn, dekningsgrad | | 100% | 100% | 100% |
| | | Sjølvkostrekneskap avlaup, dekningsgrad | | 100% | 100% | 100% |
| | | Sjølvkostrekneskap renovasjon, dekningsgrad | | 100% | 100% | 100% |
| | | Sjølvkostrekneskap feiing, dekningsgrad | | 100% | 100% | 100% |
| Medarbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | | 4,6 | 3,8 | 5,0 |
| | | Er du nøgd med standarden på arbeidslokala | | 4,4 | 5,2 | 5,0 |
| | | Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på ein god måte? | | 5,2 | 4,8 | 5,0 |
| | | Har du høve til å arbeide sjølvstendig? | | 5,2 | 5,2 | 5,0 |
| | | I kva for grad tru du at arbeids-plassen har eit godt omdøme blant innbyggjarane i kommunen | | 4,4 | 4,3 | 4,5 |
| | Målt kvalitet | Sjukefråvær korttid | | 3,1 % | 2,7 % | 2,5 % |
| | | Sjukefråvær langtid | | 3,0 % | 3,3 % | 2,5 % |
| | | Svarprosent medarbeidarundersøking | | 50% | 31% | 70% |
| | | Andel gjennomførte medarbeidersamtalar | | 70% | 100% | 100% |
| | | | | | | |
| Læring og fornying | Opplevd kvalitet | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt? | | 4,6 | 4,8 | 5,0 |
| | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | | 4,1 | 4,2 | 5,0 |
| | Målt kvalitet | Gjennomførte kompetansetiltak i høve overordna kompetanseplan | | 100% | | 100% |

Økonomi

Samla rekneskapstal syner sum mindre forbruk/meir inntekt som gjev resultat på kr 200 000,- underforbruk i forhold til budsjett.

Brukarar

Resultat frå brukarundersøking har stabilt gode resultat på høge måltal.

Medarbeidarar

Oppslutning om medarbeidarundersøkinga er på 31 % som er under målet. Resultat viser stabile resultat i forhold til målsetting.

Nedgang i resultatet med tilfredshet næraste leiar

Tilfredshet med arbeidslokale har markert oppgang

Læring og fornying

Det er marginale endringar for utvikling innan læring og fornying. Dette er rapportert på spørsmål om læring og arbeidsgjevars tilrettelegging for kompetanseutvikling osv. Auka tidspress og omfang på sakshandsaming og arbeidsoppgåver kan føre til at medarbeidarane ikkje finn rom for kompetanseutvikling i det daglege

Nokre nøkkeltal

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
|--|-------|-------|-------|-------|-------|
| <u>Talet på tilsette</u> | | | | | |
| I kommunehuset (Midtgard) | 9 | 10 | 9 | 9 | 9 |
| Utanfor kommunehuset (Midtgard) | 24 | 23 | 24 | 24 | 23 |
| I prosjektstillingar | 1 | 1 | 0 | 2 | 2 |
| <u>Sakshandsaming</u> | | | | | |
| Journalpostar (inn- og utgåande post) | 2 140 | 2 207 | 2 237 | 2 543 | 2 243 |
| Talet på byggjesaker | 105 | 67 | 52 | 98 | 78 |
| Talet på vedtekne kommuneplanar | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 |
| Talet på vedtekne reguleringsplanar | 0 | 4 | 1 | 2 | 1 |
| Talet på matrikelbrev | 14 | 16 | 22 | 18 | 36 |
| Talet på jordlovssaker og konsesjonssaker | 14 | 8 | 4 | 5 | 8 |
| Brukarar som søker produksjonstilskot - to omgangar | 151 | 157 | 149 | 146 | 144 |
| Brutto produksjonstilskot (tal i millionar kroner) | 33,6 | | 37,7 | 38,9 | 39,2 |
| Regionale miljøtilskot (tal i milionar kroner) | 1,6 | 1,6 | 1,8 | 1,9 | 2,2 |
| Talet på utsendte gardskart til gardbrukarar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Talet på gardskart, innkomne svar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Talet på gardskart med rettingar | 20 | <10 | <10 | 10 | 8 |
| Søknadar om dispensasjon for motorferdsel i utmark | 25 | 20 | 18 | 18 | 14 |
| <u>Drift av kommunaltekniske anlegg</u> | | | | | |
| Talet på anlegg for kommunal vassforsyning | 4 | 4 | 5 | 5 | 5 |
| Talet på kommunale reinseanlegg | 4 | 4 | 4 | 4 | 4 |
| Talet på innbyggjarar knytt til kommunalt avlaupsnett | 1 210 | 1 210 | 1 216 | 1 200 | 1 200 |
| Talet på innbyggjarar ikkje knytt til kommunalt avlaup | 1 200 | 1 207 | 1 201 | 1 164 | 1 164 |

Utfordringar framover

- Tenesteområdet har fleire fagområde med behov for kompetansearbeidskraft.
- Oppgåvetilfanget er også på mange område større enn det dei tilsette har moglegheit til å ta unna.
- For å oppretthalde gode tenestetilbod og utøving av forvaltningsmynde, er det ei utfordring og organisere og prioritere personalressursane og å rekruttere og behalde kompetanse.
- Funksjon som tenesteleiar MTN har vore heilt og delvis i vakanse over lengre tid.
- Ei utfordring å jobbe i eit langsiktig perspektiv med næringsutvikling utan operativ næringsplan.
- Sårbart med eit lite fagmiljø og eit breitt spekter av oppgåver.
- Elektronisk søknadshandsaming på landbrukssida blir kontinuerleg utvida, og fører med seg ny kompetanse på søkjar og sakshandsamarsida.
- Landbrukskontoret er sårbart ift. frávær, kompetanse og hastevedtak ved rovdyrskade.

- Etter kartlegging av område med skredfare i kommunen er det behov for gjennomføring av sikringstiltak i skredutsette område. Utsikter til klimaendringar og forsterka krav i lovverk gjer at tenesteeininga må setja enda sterkare fokus på dette framover.
- Aktsemds- og faresonekart om naturfare vil gje føringar som må innarbeidast i overordna arealplanar.
- Det er høgt fokus på planarbeid og det vil være utfordrande å finne ressursar og bemanning til å sikre framdrift i arbeidet med revisjon av kommunens overordna planverk og arealplanar.
- Kommunedelplan Fossbergom er under arbeid, og samla arealdel for resten av kommunen krev revisjon.
- Ressurssituasjonen har ført til at planarbeidet har vore utsett, politisk vedtak om oppstart av kommuneplanrevisjonen er gjort i januar 2015.
- Oppfølging og ferdig vedtak av kommunedelplan for avløp,

saman med gjennomføring av store utbyggingsprosjekt som renovering av reinseanlegga i Garmo og på Leirmo skal gjennomførast i kommunal regi dei næraste åra med medverknad frå tenesteeininga. Det vil vere utfordrande å gjennomføre dette arbeidet ved sidan av dei ordinære drifts- og forvaltningsoppgåvene.

- Auka bygningsmasse og behov for vedlikehald, skapar utfordringar for vaktmeistertenesta og reinhaldspersonalet.
- Det er store forventningar knytt til etablering av regionalt geodatasamarbeid. Tenesteområdet må søkje å finne rett nivå ift. forventningar her og til forvaltningsoppgåvene innan kart- og oppmålingsarbeid lokalt.

Helse og velferd

Oppgåver og ansvar

Etter helse- og omsorgsloven

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, herunder personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne (jfr. helse- og omsorgsloven § 3-1).

Etter Folkehelseloven

Kommunen skal fremje befolkninga si helse, trivnad, gode sosiale og miljømessige tilhøve og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.

Kommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei

verkemiddel kommunen er tillagt, m.a. ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.

Kommunen skal medverke til at helsemessige omsyn blir ivareteke av andre myndigheiter og verksemder. Medverknad skal skje mellom anna gjennom råd, uttaler, samarbeid og deltaking i planlegging. Kommunen skal leggje til rette for samarbeid med friviljug sektor (Folkehelseloven § 4).

Mål og resultatstyring

Måloppnåing

Barnevern

Brukarundersøking gjennomført for barnevernstenesta i 2015, men vi fekk inn for få svar til at resultatet kan nyttast (Skjåk kommune vertskommune).

Økonomisk sosialhjelp

Mottakarar av økonomisk sosialhjelp – ikkje gjennomført brukarundersøking i 2015 (Skjåk kommune vertskommune frå juni-2014).

Psykisk helsearbeid – felles teneste med Skjåk – Lom er vertskommune

Gjennomført brukarundersøking att i 2015 (i 2014 for få svar). Resultat for 2015 er betre enn målet på 2 av 3

spørsmål ("I kor stor grad opplever du at tenesta bidreg til at du får eit meir aktivt liv?" og "I kor stor grad behandlar dei tilsette deg med respekt?") På bae desse er resultatet godt over landssnittet. På spørsmålet "I kor stor grad opplever du at tenesta bidreg til auka tryggleik?" er resultatet litt under målet, men godt over landssnittet. Resultatet for brukarar i Lom ser ut til å vera betre enn resultatet for brukarar i Skjåk.

Helsestasjon

Resultatet i 2015 er betre enn i 2014. Det tydar på at dei grepa/tiltaka som vart gjort etter gjennomgang av undersøkjinga i 2014 har verka.

Skulehelsetenesta

Ny undersøkelse i år – snitt totalt litt over landssnittet.

Ergoterapi

For få svar til å brukast.

Fysioterapi

Resultatet i 2015 er likt eller betre enn mål 2015 og likt eller over landssnittet.

Medarbeidarundersøkjinga

Resultatet i 2015 under mål 2015 på halvparten av spørsmåla, likt eller over mål på den andre halvparten. Desidert lågast score på fysisk arbeidsmiljø – vore slik i mange år – årsak helsesenteret.

Målekart og kommentarar

| Fokus- område | Kritisk suksessfaktor | Indikator | Noreg Helse og velferd | | | |
|------------------------------------|--------------------------|---|------------------------|-------------|-------------|-------------|
| | | | res 2014 | Res 2013 | Res 2014 | Mål 2014 |
| Brukarar barnevern | Opplevd kvalitet | Barnevernstenesta bidreg til at ditt barn får det betre | - | *) | **) | 4,8 |
| | | I kor stor grad opplever du at dei tilsette i barnevernstenesta behandlar deg med respekt? | - | *) | **) | 5,0 |
| | | Barnevernstenesta tek omsyn til dine ynskjer og behov | - | *) | **) | 4,8 |
| | | Barnevernstenesta gjev meg nok informasjon | - | *) | **) | 5,0 |
| | | Barnevernstenesta tek deg på alvor | - | *) | **) | 5,0 |
| | | Alle lovpålagte fristar skal haldast | | 90% | 100% | 100% |
| | | Alle saker har sluttrapport etter endt undersøking | | 100% | 100% | 100% |
| | | Alle barn har ein aktiv tiltaksplan | | 100% | 89% | 100% |
| | | Barne- og fam.verngruppa besøkje alle barnehagar og skular i året | | 3 (tre) | 3(tre) | 3(tre) |
| Brukarar psykisk helsearbeid | Opplevd kvalitet | I kor stor grad opplever du at tenesta bidreg til eit meir aktivt liv | 3,5 | 3,4 | 3,9 | 3,8 |
| | | I kor stor grad opplever du at tenesta bidreg til auka tryggleik? | 3,4 | 3,4 | 3,6 | 3,8 |
| | | I kor stor grad behandlar dei tilsette deg med respekt? | 3,8 | 3,8 | 4,0 | 4,0 |
| Brukarar sosial | Opplevd kvalitet | Kor nøgd er du med informasjon og rådgeving frå sosialtenesta for å koma ut av ein vanskeleg situasjon? | - | 2,9 | **) | |
| | | I kor stor grad tykkjer du at sosialtenesta tek deg med på råd? | - | 2,9 | **) | |
| | | Kor nøgd er du med høvet til å få timeavtale? | - | 3,2 | **) | |
| Brukarar helse- stasjon | Opplevd kvalitet | I kor stor grad føler du at du kan ta opp vanskelege tema med dei tilsette på helsestasjonen? | 5,0 | 4,3 | 4,6 | 4,6 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette møter deg og barnet ditt med vennlegheit og respekt? | 5,7 | 5,2 | 5,5 | 5,6 |
| | | Korleis opplever du moglegheita for å få kontakt med helse- stasjonen (telefon, fysisk oppmøte, e-post o.l?) | 5,0 | 4,6 | 5,0 | 4,9 |
| Brukarar ergoterapi | Opplevd kvalitet | I kor stor grad tykkjer du at du har fått det betre med det du trengte hjelp til? | - | *) | *) | 5,0 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt? | - | *) | *) | 5,5 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få ergoterapi er akseptabel? | - | *) | *) | 4,7 |
| Brukarar fysioterapi | Opplevd kvalitet | I kor stor grad tykkjer du at du har fått det bedre med det du trengte hjelp til? | 5,1 | 4,6 | 5,1 | 4,9 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at dei tilsette behandlar deg med respekt? | 5,6 | 5,5 | 5,7 | 5,5 |
| | | I kor stor grad tykkjer du at ventetida for å få fysioterapi er akseptabel? | 4,8 | 4,4 | 4,8 | 4,7 |
| Med- arbeidarar | Opplevd kvalitet | Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar? | 4,8 | 5,1 | 4,4 | 4,8 |
| | | Er du nøgd med standarden på arbeidslokala? | 4,0 | 3,4 | 3,6 | 4,0 |
| | | Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på ein god måte? | 4,9 | 5,3 | 4,9 | 4,9 |
| | | I kor stor grad har du høve til å arbeide sjølvstendig? | 5,2 | 5,6 | 5,4 | 5,2 |
| | Målt kvalitet | Sjukefråvær korttid | | 2,7% | 4,4% | <3,0% |
| | | Sjukefråvær langtid | | 1,9% | 7,5% | <5,0% |
| | | Svarprosent medarbeidarundesøking | | 45% | 53% | >80% |
| Læring og fornyng | Opplevd kvalitet | I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt? | 4,7 | 5,2 | 4,8 | 4,8 |
| | | I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling? | 4,3 | 4,3 | 3,6 | 4,2 |

*) For få svar på brukarundersøkinga til å kunne nytte resultatet.

**) Ikkje målt.

Økonomi

- Saksutvalet for Samhandlingsreformen vart nedlagt frå 1. mars-2014. Er såleis ei innsparing/mindreforbruk av disposisjonsfond på ca. 189.000.
- Intermediære senger på NGLMS – mindreforbruk/mindre fordelte kostnader ca. 369.000.
- Kommunal medfinansiering sjukehus-innleggingar – meirforbruk i høve budsjett 2014 på kr 578.000.
- Totalt overforbruk på koordinerande eining – kr 135.000.
- Totalt for Helse og velferd kjem ein ut med eit samla overskot på ca. kr 2 mill. Dette skuldast i stor grad mindreforbruk på barnevern og høgre inntekter enn budsjettet i flyktningetenesta.

Brukarar (Sjå målekart)

- For to av områda som vi tidlegare har gjennomført brukarundersøking på – barnevern og økonomisk sosialhjelp er det Skjåk kommune som er vertskommune. Dei har

gjennomført brukarundersøking innafor barnevern, men p.g.a. for få svar kan ikkje undersøkinga brukast. For sosialområdet er det ikkje gjennomført undersøking.

- Positiv utvikling i resultatet frå førre året på helsestasjonen. Tiltak sett i verk i 2014 etter førre undersøking ser ut til å ha virka.
- Ny måling i år for skulehelsetenesta – snitt totalt litt over landssnittet.
- For fysioterapi er resultatet i 2015 er likt eller betre enn mål 2015 og likt eller over landssnittet.
- For få svar (5) til å kunne bruke resultatet for ergoterapi, må minimum vera 7.
- Stabilt bra resultat for psykisk helsearbeid også ved denne undersøkinga. Forbetringar på alle målingane som ligg i målekartet. Gode attendemeldingar frå brukarar i kommentarane som er gjeve.

Medarbeidarar (sjå målekart)

Medarbeidarundersøkinga gjennomført i 2015 viser snitt totalt 0,1 under landssnittet, men langt over lågaste kommune.

Lågast score er på fysiske arbeidsforhold som ligg omtrent likt med lågaste kommune (0,7 under landssnitt) – dette har vore slik i mange år – årsak er lokalitetane i helsesenteret.

Score på næraste leiar, medarbeidersamtale og fagleg og personleg utvikling ligg også litt under landssnitt, men langt over lågaste kommune.

Læring og fornying

Medarbeidarundersøkinga gjennomført i 2015 viser på dimensjonen ”Lærer du noe nytt gjennom jobben din?” ein score 0,1 over landssnittet. Identisk med mål 2015. På dimensjonen ”Legger din arbeidsgiver til rette for kompetanseutvikling som er viktig for jobben din?” ein score 0,7 under landssnittet. 0,6 under mål 2015.

Kommentarar til nokre nøkkeltal

Av kommune – stat rapporteringa (Kostra) på området kommunehelse kan det sjå ut til at Lom ligg høgt både i høve kommunegruppe, fylket og landet.

Noko av forklaringa kan ligge i at det fram til nå har vore brukt feil kostrafunksjon på psykisk helsearbeid – i Lom har dette vorte med under helse, medan det i Kostra-veilederen går fram

at det skal inn under funksjonen tenester i heimen. Dette vil bli annleis i 2015. I samanliknbare kommunar i Nord-Gudbrandsdalen er det rapportert rett.

Utfordringar framover

Vertskommuneavtalen for det regionale helsesamarbeidet vart revidert i 2014. Den nye finansieringsmodellen for dei intermediære sengane som vart inngått i 2013 gjeld framleis. Rekneskapstal for 2014 viser at utnyttinga av sengeplassane er høg (beleggsprosent på nærare 100 %) – dette skuldast i stor grad Sel kommune sin bruk av sengane. Lom kommune må bli flinkare til å bruke sengane til pasientar med «rett diagnose». Det same gjeld ø-hjelpssengane. Hausten 2014 vart det lagt fram eit forslag til endring av regional legevakt til behandling i

kommunane (kutte ut bakvaktene i Lom/Skjåk og Lesja/Dovre og heller ha ei bakvakt i heile regionen). Fleire av kommunane utsette saka i påvente av behandling av ny akuttforskrift. Forslaget var eit forsøk på å få til ei meir «rettferdig» fordeling av vaktbelastninga fordi kommunane med bakvakt med gjeldande ordning har ei langt større vaktbelastning enn dei to utan bakvakt.

Regional kreftkoordinator – eit svært positivt tiltak – er finansierast i stor grad av prosjektmidlar frå Kreftforeningen. Kreftpasientane får ei betre omsorg

ved at tenestene og kompetansehevande tiltak blir samordna av kreftkoordinatoren. Etableringa av kreftkontaktar i alle kommunane har vore heilt avgjerande for å få til utvikling av kreftomsorgen i regionen.

Naudnettet vart teke i bruk av legane vinteren 2014 og ser ut til å fungere bra.

Felles koordinerande eining (KE) og tildelingskontor saman med Skjåk kjem på plass ca. 01.03.15.

Frisklivsrettleiaren fekk kontor på gamle Loar i løpet av 2014. Har i 2014 hatt svært få henvisningar til friskliv og er nå i dialog med samarbeidande fagområder for å finne ei anna form på frisklivsarbeidet.

2014 var tredje året med Samhandlingsreformen og Lom kommune har også dette året greid utfordringa med å ta attende ferdigbehandla pasientar frå sjukehuset. Betalte heller ikkje noko til sjukehuset for ferdigbehandla pasientar dette året. Opplevde hausten 2014 å få attende ein pasient der kommunen måtte tilretteleggje med ganske komplisert medisinsk behandling i heimen. Måtte etablere eigen natt-teneste heime hjå pasienten – 10 timar pr. døgn 7 dagar i veka. Denne tenesta pågår framleis i månadsskiftet mars/april.

I 2014 vart det busett 12 flyktningar (2 over kvoten/forskott på 2015). Lom kommune tok sommaren 2014 i bruk 6 nye bustader til flyktningar/vanskelegstilte (4 i Røykattlie og 2 i Andvordsjordet). Kommunestyret i Lom har tidlegare gjort vedtak om å busetja 10 flyktningar også i 2015 og 2016. Å skaffe språkpraksisplassar er den største utfordringa i arbeidet med å integrere flyktningane.

Etablering av felles Nav-kontor for Lom og Skjåk i Bismo skjedde i midten av juni-2014.

Arbeidet med detaljprosjektering av nytt helsesenter starta i mai-2014. Fristen i avtalen var 01.09.2014, men ved årets slutt var ikkje prosjektet ferdigstilt.

Avtale for detaljprosjektering av helsesenter og ambulansestasjon vart underskrive i mai-2014. Prosjektet skulle etter planen vera ferdig 01.09.2014, men ved årsskifte hadde ikkje prosjekterande firma greidd å levere det som var avtalt. Ved månadsskiftet mars/april er enno ikkje prosjektet i mål, men det er dialog med firmaet for å koma til ei avslutning som bae partar kan vera tilfredse med. Fører i alle høve til forseinkingar av prosjektet og auka kostnader.

I årsmeldinga for 2013 skreiv vi: ”Helsesystem/helsestasjon si oppleving av at stadig fleire barn og unge har behov for oppfølging på grunn av psykiske lidningar er signal som må takast på alvor.” Stoda eitt år etter er uendra. Trass i sterke statlege føringar og auka ressursar inn i rammeoverføringa både i 2014 og 2015 fekk ikkje helsestasjonen auka ressursar dei to åra.

Pleie og omsorg

Oppgåver og ansvar

Lom helseheim skal yte heildøgns pleie- og omsorg ved langtids-, korttids-, rehabiliterings- eller avlastningsopphald. Det vert gjeve tilbod etter BEON-prinsippet og ei funksjonsvurdering ligg til grunn for tildeling av plass. Pasientane får under opphaldet tilbod om legetilsyn, tannlegetilsyn, aktivisering og sosiale-/kulturelle tilstelningar. Kjøkenet lagar næringsrik mat til pasientar, kantiner og matombringning. Pasientklede vert vaska

i eige vaskeri. Undervisning/opplæring av elevar, studentar og lærlingar.

Miljøarbeidartenesta skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester som helsetenester i heimen, personleg assistanse, praktisk bistand og opplæring, individuell plan, omsorgsløn, støttekontakt og avlastingsiltak til personar og familiar med særleg tyngande omsorgsarbeid.

Tenesta har og ansvar for Lom Arbeidssenter som gjev arbeids- og aktivitetstilbod til menneske med ulike bistandsbehov.

Heimetenster

Hjelpetrengande eldre og personar med funksjonssvikt kan få bu og virke i eigen heim så lengje dei ynskjer. Hjelp i heimen, tryggleiksalarm, dagtilbod for personar med demens.

Mål og resultatstyring

Måloppnåing

Vi fylgjer LEON/BEON-prinsippet i tildeling av tenester, jf. Omsorgsplan for Lom kommune 2011-2020, der det skal vera samsvar mellom pasienten sitt behov og tenestetilbodet.

Da Lom kommune ikkje har eit differensiert tenestetilbod og manglar trinn i omsorgstrappa, vert det tildelt tenester på for høgt omsorgsnivå. Sjølv om ein vil få felles tildelingskontor med Skjåk, vil denne utfordringa vere den same fram til ein har fått ei dreieing av tenestene og fleire trinn i omsorgstrappa. Ein pasient som ikkje treng heildøgns pleie- og omsorg, men som treng sjukepleiefagleg teneste i heimen, vil slik det er nå, bli tildelt institusjonsopphald da kommunen ikkje har sjukepleiar på alle vakter i heimebaserte tenester. Heimetenestene har ikkje sjukepleiar på nattevakt.

Utfordringane i institusjonen, kor dei dårlegaste pasientane i kommunen oppheld seg, gjer det uforsvarleg at sjukepleiar på natt forlet institusjonen for å hjelpe heimebuande, til dømes ein pasient som bur i Bøverdalen eller Garmo. At det ikkje er sjukepleiar på nattevakt i heimebaserte tenester, kan i verste fall føre til at det er «enklare» å tildele institusjonsopphald for ein tidkrevjande/ressurskrevjande pasient

som bur ute i grendene, enn det er for ein som bur i sentrum. Dette utfordrar tanken om likebehandling og lik rett til likeverdige tenester.

Fordi kommunen har stor kapasitet på institusjonsplassar og sjukepleiarar på alle vakter i institusjon, har ein stort sett gjennom heile året hatt ledig kapasitet og teke i mot ferdigbehandla pasientar frå sjukehus slik som forventa, jf. intensjonen i Samhandlingsreforma.

Flaskehalsar for fagleg drift, er høgtider og feriar der tilgangen til fagpersonell som sjukepleiarar, fysioterapeut, ergoterapeut og lege er redusert eller manglar.

I 2014 var aktiviteten ved Lom helseheim slik:
